

# «De sådde frøet, men jeg grodde ideen»

Ei evalueringsundersøking av Ungdom mot Vold sitt arbeid med  
straffedømt ungdom

Ane Bergset Mandal



Masteroppgåve i kultur- og samfunnspsykologi

Psykologisk institutt

Universitetet i Oslo

Juni 2012

### Samandrag

Denne undersøkinga er ei kvalitativ evaluering av Ungdom mot Vold som soningstiltak for ungdom dømt til samfunnsstraff. Formålet med undersøkinga er å evaluere tiltaket Ungdom mot Vold gjennom ungdommene sine eigne erfaringar og vurdere om tiltaket har virkningar som strekker seg lenger enn sjølve soningsperioden. Ungdommene som deltek i undersøkinga avslutta sin soningsperiode for fleire år sidan. Opplever ungdommene at det skjedde ei positiv endring av dei sjølve og livet deira i løpet av soningsperioden, og har eventuelt desse endringane vedvart? Kva opplever ungdommene som avgjerande for at endringane har skjedd? Kva kjenneteiknar Ungdom mot Vold sitt arbeid ifølgje ungdommene sjølv? Den teoretiske innfallsvinkelen i undersøkinga er mulege sjølv (Markus & Nurius, 1986) og psykologisk empowerment (Zimmerman, 1995). Resultata viser at det skjer ei positiv utvikling av ungdommene og liva deira i løpet av soningsperioden og at denne endringa har vedvart. Ungdommene understrekar spesielt at relasjonen med dei tilsette i Ungdom mot Vold var avgjerande for at ein endringsprosess skulle finne stad.

Keywords: Mulege sjølv, psykologisk empowerment, positiv utvikling, empowermentevaluering, ungdom, kriminalitet.

### Forord

Denne undersøkinga er ein del av Samfunnsideologiprosjektet ved Universitetet i Oslo under leiing av Hilde Eileen Nafstad og Rolv Mikkel Blakar.

Det er mange som fortunar stor takk for at denne oppgåva har blitt til. Først og fremst vil eg takke ungdommane som sa ja til å vere med i denne undersøkinga. Takk for tilliten de viste meg og for at de fortalte meg om personlege opplevingar, både dei gode og dei som var vanskeleg å snakke om. Takk for all innsikt og kunnskap de har gjeve meg.

Takk til alle tilsette i Ungdom mot Vold for at de har vore så positive og lagt så godt til rette for meg i heile denne prosessen. Det har vore inspirerande og lærerikt å samarbeide med dykk. Takk også for praktisk hjelp og tillit frå Siham Sidali frå Friomsorgskontoret i Oslo.

Takk til mine fantastiske rettleiarar Hilde og Rolv, for eit uvurderleg engasjement både på fagleg og personleg nivå. Takk for både motivasjon, forståing og høge krav. De har ei evne til å få meg til å bli engasjert både for faget og oppgåva - det har vore avgjerande for at denne prosessen har vore så positiv for meg.

Eg vil også sende ei spesiell takk til Maria, Mari, Josefín, Jonas, Ola, Cathrine og Liv-Jorun for konstruktive diskusjonar og motiverande tilbakemeldingar. Takk, alle kjære vener for avgjerande støtte på alle mulege måtar.

Takk, pappa og mamma, for at de alltid har hatt tru på meg – også i prosessen med denne masteroppgåva. Takk bestemor og bestefar, for konstant oppmuntring, omsorgsfulle klemmar og telefonsamtaler. Takk til Olai sine onklar og tanter for henting i barnehage i hektiske periodar og for at de er så glade i han.

Kjæraste Thomas, takk for at du har gjort det muleg for meg å skrive denne masteroppgåva. Takk for våkenetter slik at eg kunne klare å konsentrere meg på dagtid. Takk for familieorganisering, uvurderleg omsorg og for at du har motivert meg kvar einaste dag til å klare det. Du har vore avgjerande.

Olai, takk for at du fjerner stress og får meg til å le. Takk for at du i løpet av dine to første leveår har lært meg meir enn alle lærebøker til saman. Måtte du få vekse opp i eit samfunn prega av rettferd, respekt og artig mangfold. Og måtte du *alltid* ha tru på deg sjølv og føle deg elskar.

Oslo, 29. mai 2012

## Innhold

<b>Introduksjon .....</b>	<b>1</b>
<b>Teoretisk Bakgrunn .....</b>	<b>3</b>
<i>Sjølvkonseptet .....</i>	4
<i>Mulege Sjølv .....</i>	5
Mulege sjølv blir konstruert i sosiale kontekstar .....	6
Mulege sjølv er motivasjon for endring av aferd .....	7
Balanse i mulege sjølv og kriminalitet .....	8
Mulege sjølv si rolle i måloppnåing .....	8
<i>Psykologisk Empowerment .....</i>	9
Det nomologiske nettverket for psykologisk empowerment .....	10
Den intrapsykologiske komponenten .....	11
Den interaksjonelle komponenten .....	11
Aferdskomponenten .....	12
<b>Metode .....</b>	<b>12</b>
<i>Design .....</i>	13
<i>Utvikling av Intervjuguide .....</i>	13
<i>Intervjuprosedyre og Refleksjonar rundt Forskarens Rolle .....</i>	16
<i>Transkribering .....</i>	19
<i>Analyse .....</i>	19
Undersøkinga sine to evalueringsanalyser: Effekt- og prosessanalyse .....	19
Effektanalysen .....	19
Prosessanalysen .....	20
<i>Studiens Truverdigheit og Gyldigkeit .....</i>	21
Forskingsetiske hensyn og etiske dilemma .....	22
<b>Resultat og Diskusjon .....</b>	<b>23</b>
<i>Opplevd Endring med Fokus på Mulege Sjølv og Psykologisk Empowerment: Effektanalysen .....</i>	23
Historia om Yosuf .....	24
Utvikling av mulege sjølv .....	25
Fråver av mulege sjølv og skaping av nye, positive mulege sjølv .....	27
Utvikling av balanserte mulege sjølv .....	28
Psykologisk Empowerment: Å bli styrka til å nå måla sine .....	29
Den intrapsykologiske komponenten .....	29
Den interaksjonelle komponenten .....	35
Aferdskomponenten .....	37
<i>Slik Ungdom mot Vold Blir Beskrive av Ungdommane Sjølve: ProsessanalySEN .....</i>	38
Relasjonen til dei tilsette i Ungdom mot Vold .....	38
Frå å gi faen til å lytte til gode råd .....	39
Atmosfæren i Ungdom mot Vold: "Det er kjærighet rundt hele liksom" .....	40
Dei tilsette har eit genuint engasjement .....	40
Ein relasjon prega av gjensidig respekt .....	41
Identifisering med dei tilsette .....	42
Relasjonen som grunnlag for endringsprosess .....	42
Ungdom mot Vold bidreg til eit meir positivt syn på framtida .....	43
Fokus på negative konsekvensar av å leve som kriminell .....	43
Ungdommen føler eigarskap til målet .....	44
Om å bli psykologisk empowered i Ungdom mot Vold .....	45
Ein får tru på seg sjølve og at ein kan oppnå måla sine .....	45
Å oppnå personleg kontroll .....	46
Ein får hjelp til å utføre konkrete handlingar .....	47
I Ungdom mot Vold får ein kunnskap om verdiar og normer i samfunnet .....	48
<b>Oppsummerande Diskusjon .....</b>	<b>49</b>
<i>Eit Positivt og Økologisk Perspektiv på Ungdomsutvikling .....</i>	49

<i>Ungdom mot Vold Jobbar Parallelt med Mulege Sjølv og Psykologisk Empowerment.....</i>	50
<i>Relasjonen til Den Enkelte Ungdom som Grunnlag for Endring.....</i>	50
<b>Avslutning.....</b>	<b>51</b>
<b>Referansar .....</b>	<b>52</b>

## Introduksjon

Det er i dag i stadig større utstrekning eit krav frå samfunnet om å dokumentere, beskrive og evaluere samfunnets ulike tiltak, frå barnehage, skule, helse og til tiltak som for eksempel samfunnets straffetiltak. Denne undersøkinga dreiar seg om unge menneske som har begått lovbrot og sona samfunnsstraff. Det er mange samfunnsstraffetiltak rundt i Norge basert på ulike rehabiliteringsideologiar. Denne undersøkinga studerar personar som har sona samfunnsstraff i Ungdom mot Vold.

Ungdom mot Vold tek imot straffedømt ungdom mellom 15-25 år og er ein av dei største arbeidsplassane for samfunnsstraff i landet (Stortingsmelding 37, 2007-2008). I Stortingsmelding 37 (2007-2008) står det at antalet personar i Norge som begår kriminalitet etter avslutta straffegjennomføring er relativt høgt. Eitt av Ungdom mot Vold sine mål er, i tillegg til å vere ein godt fungerande stad for soning, å førebygge for tilbakefall til ny kriminalitet (vedlegg A). Det å prøve å skape ei langsiktig atferdsendring hos ungdommen er også eit viktig mål for Ungdom mot Vold i sjølve soningsperioden. Gjennom ei evaluering gjort av Oslo Friomsorgskontor og Ungdom mot Vold kom det fram at Ungdom mot Vold har under 5 % brot på soningsavtala blant sine straffedømte (2007<sup>1</sup>). Til samanlikning er landsgjennomsnittet på brot 15 %. Samtidig tilhører dei fleste som sonar hos Ungdom mot Vold den aldersgruppa, 18 til 23 år, som har høgast risiko for brot på soningsavtala (Stortingsmelding 20, 2005- 2006). Ungdom mot Vold har også eit tilbod om ettervern for straffedømt ungdom som er unikt i forhold til andre soningstiltak i Norge (Stortingsmelding 37, 2007-2008). Det er derfor viktig å beskrive tiltaket Ungdom mot Vold og denne undersøkinga er ei av fleire evalueringar av dette tiltaket.

Eg hospitere i Ungdom mot Vold i åtte veker gjennom mastergradskurset PSY4502b ved Universitetet i Oslo, og vart då engasjert i og oppteken av Ungdom mot Vold som soningstiltak. Eg såg at Ungdom mot Vold arbeidde med utgangspunkt i økologisk psykologi (Bronfenbrenner, 1979). Slik eg såg det, arbeidde også Ungdom mot Vold med utgangspunkt i ein rehabiliteringsideologi om å hjelpe ungdommen med å utvikle ferdigheiter og ein psykologisk styrke (Damon, 2004) som kunne føre til at dei etter soninga vil kunne meistre livet på nye måtar; bli lovlydige samfunnsborgarar. Etter praksisperioden ønska eg å studere Ungdom mot Vold: Ungdommane som sonar i Ungdom mot Vold er i ein avgjerande livssituasjon og måten dei blir møtt i eit soningstiltak er styrande for deira vidare utvikling. Denne undersøkinga studerar og prøvar å identifisere

---

<sup>1</sup> Denne evaluatingsrapporten er unndregen offentlegheita

element i tiltaket Ungdom mot Vold som kan ha avgjerande betydning for om ungdommen greier å meistre eit liv utan kriminalitet. Den føreliggande undersøkinga dreiar seg om ungdommane sjølve opplever at det har skjedd ei endring med dei og livet deira etter at dei sona hos Ungdom mot Vold. Undersøkinga er ei kvalitativ undersøking, men problemstillingane er på førehand avgrensa til temaet om psykologiske endringar og kva Ungdom mot Vold eventuelt hjalp til med. Som nemnt hadde eg i min praksisperiode observert korleis arbeidet i Ungdom mot Vold på ulike måtar, slik eg såg det, knytte seg opp mot community psykologiens sentrale fagområde, som økologisk psykologi, med vekt på å sjå individet i alle sine sosiale system, å utvikle positive og gode sjølvbilder og dei arbeidde med styrkar hos den enkelte ungdom slik eg såg det. Eg vart oppteken av desse tema. Slik eg vurderte det kunne då ei undersøking av desse aspekta vere viktige å studere. Arbeidet med desse elementa i ungdommen og hans liv kan vere avgjerande for dei, om ungdommen etterkvart meistrar eit lovlydig liv.

Evalueringforsking er av forskjellig type (Dalton, Elias, & Wandersman, 2007). Denne undersøkinga er inspirert av ei tilnærming for program- eller tiltaksevaluering som vert kalla empowermentevaluering (Dalton, Elias, & Wandersman, 2007). Eg er opptatt av kva erfaringar den straffedømte sjølv eventuelt opplevde som viktige og til hjelp for å komme vidare i livet sitt. Innanfor ein type evaluatingsundersøkingar tek ein eit utanfråperspektiv og er oppteken av dei konkrete resultata; har dette tiltaket for eksempel høgare eller lavare brotprosent enn gjennomsnittet? Vidare er det innanfor denne typen av evalueringar ikkje deltakarane sjølve som vurderar, men personar som kjem utanfrå.

Det å få mest muleg kunnskap om kva ungdommen sjølv erfarar, meinar derimot eg vil vere viktig. Dalton, Elias og Wandersman (2007) understrekar at for at ei evaluering skal vere mest muleg til nytte, er det viktig å beskrive korleis eller kvifor resultata vart oppnådd, eventuelt ikkje oppnådd. Ei identifisering av både suksessfaktorar, gode prosessar, samt kva som trengs å forbetra i tiltaket er nødvendig for at det skal kunne utvikle seg (Dalton, Elias, & Wandersman, 2007). Eg er oppteken av å få kunnskap om eventuelle opplevingar og erfaringar i Ungdom mot Vold som ungdommane sjølve meinar er viktige og avgjerande for dei i soningsperioden for å hindre dei seinare i å begå nye lovbrot.

På midten av 80-talet var Markus og Nurius (1986) opptekne av begrepet mulege sjølv; kva ønsker vi å oppnå i livet, kva forventar vi å gjere, kva håpar eller fryktar vi å bli. Dette temaet om framtidige mulege sjølv opplevde eg at Ungdom mot Vold meir eller mindre reflektert hadde som si oppgåve å prøve å gjere noko med. Eg ønsker å undersøke om

ungdommane har utvikla nye mulege sjølv og ein ny sjølvforståelse i Ungdom mot Vold som kan hjelpe dei til å meistre eit lovlydig liv etter soning. Eg vart også oppteken av om ungdommen i løpet av soningsperioden har utvikla evner og strategiar for å handle på måtar som vil føre til at dei faktisk kan klare å oppnå målet om å meistre eit lovlydig liv etter soning.

Det har tidlegare blitt gjort ei evaluering av Ungdom mot Vold som konkluderte med at ungdommane utvikla seg positivt i løpet av sjølve soningsperioden i Ungdom mot Vold (Breck & Reer, 2009). Dei tema eg er oppteken av i denne undersøkinga dreiar seg om tidlegare domfelte ungdommar opplever og beskriv at det har skjedd ei positiv, meir vedvarande endring av dei sjølve og livet deira i løpet av soningsoppfaldet og i tida etter: I kva grad endra og utvikla ungdommen sitt syn på seg sjølv og framtida si i løpet av oppfaldet hos Ungdom mot Vold? Kva ser ungdommane på som medverkande faktorar til ei eventuell endring? Vart det endringar i ungdommen sine ferdigheiter og kunnskap for å oppnå sine mål og leve eit liv uten kriminalitet? Eg er også oppteken av kva ungdommen sjølv opplevde som vesentleg i Ungdom mot Vold sitt arbeid og kva dei meiner eventuelt kunne vore gjort annleis i Ungdom mot Vold. Det er personar som sona i Ungdom mot Vold for 3-5 år sidan som blir bedt om å fortelle om sine erfaringar i denne undersøkinga.

### Teoretisk Bakgrunn

Ungdommane som deltek i denne undersøkinga har handla mot samfunnets reglar og har sona straff for dette. Bakgrunnen for utføring av handlingar som bryt med verdiar, normer og reglar i samfunnet kan vere mange. Bronfenbrenner (1979) representerar eit kontekstuelt perspektiv og ved hjelp av hans økologiske teori og utviklingsbegrep kan vi få ei forståing for korleis lovbroter er avhengig av dei systema individet er knytt til og lever i. Mellom anna kan det vere risikofaktorar i dei ulike sosiale systema personen tilhører som kan ha negativ påverking på tileigning av normer for rett og gale (Coleman & Hagell, 2007). På individnivå kan det inkludere individet sitt temperament, manglande håp for framtida, mangel på impulskontroll osv. På mikro- og/eller mesonivå kan det vere vanskeleg skulekvardag og därlege familieforhold (Coleman & Hagell, 2007). Foreldrene sin jobb, lave sosiale status og därlege økonomi, eller eit utrygt nabolag med sterke, kriminelle gjengar er eksempel på risikofaktorar i eksosystemet. På makronivå kan eksempel på risikofaktorar til dømes vere positive holdningar til kriminalitet i det nærmiljøet personen befinn seg i (Coleman & Hagell, 2007). Når det kun førekjem *ein* slik risikofaktor i eit system treng det ikkje å ha negativ innverkning på personen, men når det er risikofaktorar i fleire system samtidig blir det ei

akkumulering av risikofaktorar og ungdommen blir meir mottakeleg for å utvikle problematferd, som å bryte lover (Coleman & Hagell, 2007).

Førebygging og endring av problematferd bør ideelt sett innebere å arbeide for å fjerne eller redusere risikofaktorar og auke resiliensfaktorar i dei ulike systema. Ungdom mot Vold arbeider praktisk med alle nivåa i den økologiske modellen, men dei er særleg opptekne av familie, vennemiljø, skule og arbeidssituasjon (vedlegg A).

Kva så med personleg forandring eller utvikling som kan hjelpe ungdommen til å leve eit lovlydig liv etter soning? Bronfenbrenner har som utviklingspsykolog vore oppteken av dette spørsmålet og han definerar utvikling som "[...] a lasting change in the way in which a person perceives and deals with his environment" (Bronfenbrenner, 1979, s. 3). Personleg utvikling er for Bronfenbrenner (1979) og også andre kontekstuelt orienterte forskrarar følgeleg ikkje berre ein intrapsykologisk prosess med varige forandringar som resultat. Utvikling er eit samspel mellom individet og konteksten vedkommande lever i. Utvikling dreiar seg derfor om korleis personen opplever og meistrar dagleglivet sitt på nye måtar. Det må samtidig vere meir varige forandringar for å bli definert som utvikling, presiserar Bronfenbrenner (1979). Eg er oppteken av om ungdommen som har sona i Ungdom mot Vold har endra seg. Har dei endra sjølvoppfatning og har dei tileigna seg styrkar og ferdigheiter som gjer at dei samtidig endrar seg i ei meir positiv retning i forhold til systema rundt seg?

### Sjølvkonseptet

Stein og Markus (1996) hevdar at for å lukkast med å skape meir varige atferdsendringar, må det skje ei endring av sjølvsystemet hos personen. Å skape slike endringar er ein kompleks prosess. Det å studere endringar i sjølvkonseptet kan imidlertid vere med å kunne forklare både kvifor individ i nokre tilfeller har ein motstand til endring medan ein andre gongar forandrar seg (Stein & Markus, 1996).

Det er mange teoriar om sjølvet. Stein og Markus (1996) ser sjølvet som eit system av skjema. Desse sjølvskjemaa er generalisert kunnskap som er skapt både av ein sjølv og andre, og dei dannar grunnlaget for korleis ein definerar seg sjølve som igjen er med å regulere vår atferd (Stein & Markus, 1996). Ungdomstida er ei tid der unge menneske ofte eksperimenterar med ei rekke mulege sjølv (Markus & Nurius, 1986) og mange blir lett påverka av vennegjeng og andre sine meningar (Kloep, Hendry, Gardner, & Seage, 2010).

Abrams og Aguilar (2005) er opptekne av endringar i sjølvskjema og korleis individets erkjenning av at det er behov for forandring startar gjennom ei forståing av dei negative trendane som førte til problema vedkommande har kome bort i. Ein negativ trend betyr for

dei eit konsistent problematisk atferdsmønster, for eksempel kriminalitet. Individ som nyttar skjema der ein sorterer bort kritikk om si kriminelle atferd vil halde fram med denne atferda utan å erkjenne at det er ein negativ trend. Dei som er i stand til å erkjenne den negative trenden kan derimot gjere ein innsats for å skape ei endring (Stein & Markus, 1996; Abrams & Aguilar, 2005).

Ungdom mot Vold ønsker å bidra til å skape atferdsendring og bidra til at ungdommen kan meistre eit liv utan kriminalitet (vedlegg A). Eit viktig første steg for dei kan då vere å prøve å bevisstgjere ungdomen på konsekvensane av eiga atferd og eigne val. Denne bevisstgjeringa dreiar seg, slik eg ser det, om ein intrapsykologisk prosess samtidig som den dreiar seg om dei systema ungdommen er ein del av. Ein strategi for å skape atferdsendring kan difor handle om å bevisstgjere ungdomen på kva miljø vedkommande er ein del av, korleis dette påverkar han/henne, og eventuelt hjelpe vedkommande til å bryte med dette miljøet. Etter at individet har erkjent at for eksempel vennegjengen er eit negativt miljø og at ein treng å endre atferda si, er det neste steget i prosessen for å oppnå det, at individet kan forestille seg alternative måtar å vere på i framtida (Stein & Markus, 1996). Desse førestillingane om livet og kva ein ønsker å bli, blir av Markus og Nurius (1986) omtalt som *mulege sjølv*. Ei varig og positiv atferdsendring involverar då ei endring i sjølvsystemet, konkluderar Stein og Markus (1996). Denne endringa i sjølvsystemet må starte med skapinga av, men også elimineringa av mulege sjølv (Stein & Markus, 1996; Dunkel, Kelts, & Coon, 2006). Eg er i denne undersøkinga oppteken av om ungdommen fortel om endringar i seg sjølv, omgivelsane og kva dei tenker om seg sjølv framover i livet.

### Mulege Sjølv

Dei fleste av oss har tankar om oss sjølve i framtida, kva vi ønsker å oppnå i livet, kva vi forventar å gjere, håpar eller fryktar å bli. Vi kan sjå for oss bilder av oss sjølve i ulike framtidige situasjonar. Dette kallar Markus og Nurius (1986) *possible selves*, mulege sjølv.

Mulege sjølv er for Markus og Nurius (1986) system med kognitive og affektive komponentar av håp og mål, men også av frykt og truslar. Desse sjølvsystema er viktige fordi dei er styrande for vår framtidige atferd. Dei er dei sjølva ein vil prøve å oppnå eller unngå. Desse systema fungerar vidare som ein evaluerande, styrkande og tolkande kontekst for det noverande sjølvet (Markus & Nurius, 1986, s. 954). Mulege sjølv fangar då opp ideala vi ønsker å bli, men også dei sjølva vi er redde for å bli. Ein kan derfor dele

dei mulege sjølva inn i dei ønska, positive mulege sjølva ein håpar å oppnå, og dei uønska, negative mulege sjølva ein fryktar og prøvar å unngå.

Positive, ønska mulege sjølv og negative, uønska mulege sjølv blir ofte studerte separat, men kan også studerast i samanheng (Oyserman & Fryberg, 2006). *Balanserte* mulege sjølv refererer til at ein har både positive forventningar og frykt innanfor det same domenet. Til dømes ”eg håpar å få fast jobb” og ”eg fryktar å vere arbeidsledig”.

Oyserman og Markus (1990a; 1990b) hevda at mulege sjølv påverkar atferd mest viss ein har eit slikt balansert muleg sjølv. Ungdommar med eit balansert muleg sjølv vil ha både eit positivt sjølv-identifiserande mål å strekke seg etter og samtidig vere bevisste dei personleg relevante konsekvensane av å ikkje nå det målet (Oyserman & Fryberg, 2006). Eg er oppteken av denne balansen.

Dei mulege sjølva våre er nødvendigvis personlege, men dei blir samtidig påverka av andre menneske rundt oss som kan få individet til å tenke at ”det andre er no, kan eg bli” (Oyserman & Markus, 1990a). Om individet ikkje kan førestille seg alternative ideal og måtar å vere på, er det mindre sjanse for å lukkast med å endre ideal og atferd (Abrams & Aguilar, 2005).

**Mulege sjølv blir konstruert i sosiale kontekstar.** Både sjølva vi håpar på og sjølva vi fryktar blir då påverka av forventningar frå andre menneske, tilgjengelege rollemodellar, samt begrensingar og mulegheiter i det sosiale nettverket (Abrams & Aguilar, 2005). På den måten er kva vi trur at vi kan bli, heile tida formulert og evaluert i relasjon til gruppene vi deltek i eller er aktive i (Wurf & Markus, 1991). Kva roller og rollemodellar ein vel, avheng derfor mellom anna av kva roller og rollemodellar som er tilgjengelege i det miljøet ungdommen er ein del av (Abrams & Aguilar, 2005). Det er sjølvsagt avgjerande at det mulege sjølvet faktisk opplevast som *muleg* å oppnå – ikkje umuleg. I vår streben etter å oppnå eit muleg sjølv eller unngå eit muleg sjølv, tilpassar vi oss vidare ofte gruppa sine normer og standardar (Oyserman & Fryberg, 2006).

Oyserman og Fryberg (2006) fann i sine undersøkingar av afroamerikansk ungdom i Detroit at mulege sjølv er tett knytt til etnisitet, kjønn, kulturell identitet og oppfatta inngruppenormer. Dei hevdar vidare at tilhøyrigheit i sosiale system ikkje berre lærer individ kva folk som dei kan bli, men også kva folk som dei ikkje kan bli. På grunnlag av dette utviklar individet ein serie av ”possible me’s” og ein serie av ”not me’s”. I tillegg til at mulege sjølv blir skapt i relasjon til viktige andre kan det vere avgjerande at personen identifiserar seg med desse viktige andre for at det mulege sjølvet skal opplevast som *muleg*. Når ein sosial kontekst manglar bilder/førestillingar av mulege sjølv for ”folk som

oss” innanfor eit område, er det sannsynleg at mulege sjølv på dette området vil mangle fullstendig eller at det vil vere så generelt at det vil vere ubrukeleg som ei sjølvregulerande mekanisme (Oyserman & Fryberg, 2006). Tek ein utgangspunkt i denne forskinga, burde soningstilbod for ungdom ideelt sett utgjere eit system der ungdommen opplever tilhøyrigheit (folk som oss) og ideal som gjev tru på positive sjølvkonsept. For gode rollemodellar vil vere av stor betydning for kor vidt ein klarar å skape positive mulege sjølv (Oyserman & Fryberg, 2006). Wurf og Markus (1991) understrekar for eksempel at mulege sjølv blir forma i sosiale situasjonar der viktige andre som vener, lærarar og foreldre bekreftar eller avkreftar konsept om oss sjølve i framtida.

Ein viktig dimensjon ved soningstiltak særleg for ungdom dreiar seg om det å vere gode rollemodellar.

Mulege sjølv er motivasjon for endring av atferd. Kor vidt eit individ klarar å oppnå eit mål som til dømes å slutte med kriminalitet, dreiar seg også om motivasjon, presiserar Ruvolo og Markus (1992). Teorien om mulege sjølv er derfor også relatert til motivasjon ved at dei mulege sjølva kan fungere som drivkraft for personlege mål. Sidan mulege sjølv også inkluderar antakingar *om* og eventuelt *korleis* mulege sjølv kan bli oppnådd eller unngått, betraktast mulege sjølv som viktige faktorar i å forme atferd slik at mål, for eksempel eit liv utan kriminalitet, kan bli oppnådd (Markus & Nurius, 1986). Markus and Ruvolo (1989) presiserar (s. 212): ”These thoughts, images, or senses of our self in the end state and in intermediate states [...] are viewed as the individualized carriers of motivation.” Mulege sjølv kan følgande betraktast som bruer mellom notid og framtid ved at dei viser korleis vi kan forandre oss frå slik vi er no til slik vi kan bli i framtida (Markus & Nurius, 1986). Mulege sjølv er då ein sentral motivasjonsdimensjon i utvikling og endring.

Oyserman, Bybee, Terry og Hart-Johnson (2004) hevdar og at mulege sjølv kan fungere som vegkart (road maps) som skaper forbindelse mellom notid og framtid. Jo meir konkrete dei mulege sjølva er, jo meir sannsynleg er det at personen oppnår sine mulege sjølv (Ruvolo & Markus, 1992; Norman & Aron, 2002). Mulege sjølv fører imidlertid ikkje alltid til utvikling. Det kan også virke begrensande, for om eit negativt muleg sjølv framkallar frykt, kan det hindre utvikling og vekst. Dette gjeld også positive mulege sjølv som ein ikkje vel sjølv, men som blir pressa på oss av til dømes velmeinande foreldre (Markus & Nurius, 1987). Dette understrekar viktigheita av at ungdommane sjølv formulerar og skaper sine mulege sjølv. Samtidig er det denne utfordringa om å skape nye mulege sjølv Ungdom mot Vold, slik eg observerte det, prøvde å ta tak i.

**Balanse i mulege sjølv og kriminalitet.** Oyserman og Markus (1990a) har vore opptekne av ungdom og kriminalitet. Dei har særleg fokusert på om ungdom med ein manglande balanse mellom positive og negative mulege sjølv hadde større sannsynlighet for å utføre kriminelle handlingar. Deltakarane i ei av deira undersøkingar vart for eksempel bedne om å beskrive dei tre mest ønska og dei tre mest frykta tilstandane for det neste året. Dei med minst eitt positivt/negativt par innanfor det same livsdomenet vart vurdert som balanserte mulege sjølv. Resultata frå deira undersøking viste at dei ungdommane som ikkje hadde balanserte mulege sjølv innafor temaet kriminalitet, var signifikant meir involverte i kriminelle handlingar (Oyserman & Markus, 1990a).

Med utgangspunkt i desse resultata drøfta Oyserman og Fryberg (2006) om det er slik at ungdommar med ein manglande balanse i mulege sjølv handlar utan å ta dei mulege negative konsekvensane av eit muleg sjølv i betrakning. Oyserman og Fryberg (2006) konkluderar med at ein slik manglande balanse kan føre til at ungdommane ikkje innser at deira forsøk på å oppnå eit positivt muleg sjølv kan resultere i negative konsekvensar for dei sjølve. Eit eksempel på dette kan vere ein ungdom som prøvar å oppnå eit muleg sjølv som inkluderar det å få status blant sine medelevar gjennom å bryte seg inn på skulen og gjere herverk for å bli sett på som tøff og modig (Oyserman & Fryberg, 2006). Då manglar ungdommen eit frykta sjølv på å oppleve sosiale sanksjonar. Vedkommande vil dermed utføre herverk både utan å ta hensyn til at denne atferda er ulovleg her og no, og at kriminell ungdom ikkje er sosialt akseptert i samfunnet generelt. Hadde denne personen hatt eit balansert sjølv på dette området kunne vedkommande i større grad teke dei negative konsekvensane med i betraktinga (Oyserman & Fryberg, 2006). Det balanserte sjølvet kan derfor virke kriminalforebyggande.

**Mulege sjølv si rolle i måloppnåing.** Markus og Ruvolo (1989) legg som no vist til grunn at det er sjølvsystemet som er sentrum for motivasjon og handling: "[...] the crucial element of a goal is the representation of the individual herself or himself approaching and realizing the goal. Without this representation of the self, a goal will not be an effective regulator of behavior" (s. 211). Mulege sjølv spelar derfor ei viktig rolle i det å gje individets livsoppgåver personleg mening. Ein kan derfor seie at motivasjonen for å oppnå måla sine i stor grad gjer seg synlege gjennom dei mulege sjølva knytt opp til dei.

Viss menneske oppfattar seg sjølve, ikkje berre slik dei er og fungerar i dag, men også slik dei ønsker å vere i framtida gjennom sine mulege sjølv, kan desse mulege sjølva vere med å påvirke kva slags personlege mål dei vil strekke seg etter. På same måte som skapinga av mulege sjølv blir påverka av andre, kan mål for å oppnå desse mulege sjølva

bli skapt av andre. Når dette er tilfelle understrekar Oettingen og Gollwitzer (2004) at det betyr mykje kven som tildelar målet til kven og korleis målet er utforma. Det å oppleve målet som ønska og muleg å gjennomføre samt ei personleg definering av målet og å integrere det i livet sitt er viktig (Cantor & Fleeson, 1994). I prosessen med å gjere eit tildelt mål om til sitt eige personlege mål spelar tillit og legitimitet ei viktig rolle (Locke & Latham, 1990).

Eg tenker meg oppsummerande at eit soningstiltak vil kunne, om det fungerar bra, ha positiv innverking på ungdommens sjølv; kva dei strekk seg etter og kva dei ønsker å bli. Det må også vere viktig at ungdommen finn balansen mellom positive og negative mulege sjølv. I eit tiltak som Ungdom mot Vold er det derfor sentralt at dei vaksne både skaper tillitsfulle relasjonar, men også hjelper til med å synleggjere kva som er nødvendig for å oppnå eit muleg sjølv som ein lovlydig samfunnsborgar.

Oyserman og Markus (1990a) er og opptekne av at i løpet av ungdomstida er det svært viktig å ha positive forventningar om framtida. Dei som ikkje klarar å skape seg slike håp om å lukkast med skule, familie og vener, vil i staden finne alternative måtar å definere seg positivt på. Gjennom for eksempel kriminelle handlingar kan dei definere seg som tøffe, eventyrlystne og sjølvstendige og på den andre sida ikkje ta dei negative konsekvensane av kriminelle handlingar i betrakting (Oyserman & Markus, 1990a). I mange miljø vil desse kriminelle handlingane gje høgare status. Community psykologiens prioriterte oppgåve er framfor alt å skape ei oppleving av at det er muleg å få kontroll over sitt eige liv (Nelson & Prilletensky, 2005). Eit samfunnsstrafftiltak for ungdom må derfor prøve å formidle positive forventingar om at personen vil lukkast med å oppnå eit framtidig sjølv utan kriminalitet.

### **Psykologisk Empowerment**

Som eg har drøfta, kan kombinasjonen av nye mulege sjølv og ei styrking av ungdommane sine ferdigheter til å oppnå desse, vere ein føresetnad for ei meir varig atferdsendring. Innanfor temaet endring er særleg dagens community psykologi oppteken av begrepet empowerment<sup>2</sup>. Ein må styrke individ, men også organisasjonar og tiltak.

Communitypsykologen Rappaport (1987) definerar empowerment som "[...] a process by which people, organizations, and communities gain mastery over issues of concern to them". Eg er oppteken av å finne ut om ungdommane sjølve, etter å ha sona i Ungdom mot Vold, opplever og rapporterer at dei har blitt "empowered" – styrka til å utvikle og oppnå

---


<sup>2</sup> Det eksisterar ingen god norsk oversetting av dette begrepet

dei måla dei set seg i form av positive mulege sjølv. Eg er då opptatt av det aspektet i empowermentbegrepet som Zimmerman (1995) kallar *psykologisk empowerment*. Dette begrepet henviser til det *individuelle* nivået av empowerment, utan at dette utelukkar eller overser samfunnspolitiske eller kontekstuelle faktorar (Zimmerman, 1995). Zimmerman (1995) gir følgande definisjon av begrepet: "Psychological Empowerment includes beliefs that goals can be achieved, awareness about resources and factors that hinder or enhance one's efforts to achieve those goals, and efforts to fulfill the goals" (s. 582). Psykologisk empowerment handlar altså om å ha *tru* på at mål kan bli oppnådd og bevisstheit om ressursar og faktorar som enten hindrar eller forsterkar mulegheitene ein har til å nå måla sine. Dette handlar derfor om noko meir enn individuell sjølvrealisering for å nå eit personleg mål. Det handlar om å styrke enkeltindivid i svakare stilte grupper til å klare å nå måla sine. Det handlar til sjuande og sist om korleis individet meistrar og får kontroll over livet sitt.

Zimmerman (1995) meinar det er fruktbart å skilje mellom empowering-prosessar og empowered resultat. Han beskriv empowering-prosessar som prosessar der menneske sjølv skaper, eller blir gitt mulegheit til å kontrollere sin eigen skjebne og påverke avgjerder som har betydning for livet deira. Desse empowering prosessane kan deretter føre til empowered resultat. For eksempel å oppnå målet om å leve eit liv som ikkje bryt med samfunnets verdiar og normer.

Eg vil ta med meg begrepet psykologisk empowerment og vil også forsøke, i den grad det let seg gjere, å skille mellom empowering prosessar og empowered resultat, sjølv om begrepa naturleg nok overlappar kvarandre når eg studerer korleis Ungdom mot Vold evaluerast av ungdommane sjølve. For eg tenker meg at når ungdommen fortel om kva dei opplevde som viktig og relevant i soningsperioden, kan det vere relatert til mange av dimensjonane som hører inn under empowermentbegrepet (Zimmerman, 1995).

**Det nomologiske nettverket for psykologisk empowerment.** Zimmerman (1995) understrekar at psykologisk empowerment er eit dynamisk begrep; det tek ulik form for ulike menneske og vil dermed variere på tvers av menneske, kontekstar, tid og livsdomener. Men begrepet henviser til å styrke ferdigheiter og kunnskap hos individet. Zimmerman (1995) har imidlertid utvikla eit rammeverk for det han kallar det nomologiske nettverket til begrepet for å presisere kva begrepet inkluderar. Han inkluderar tre ulike komponentar i sitt psykologiske begrep og desse komponentane inkluderar igjen fleire ulike dimensjonar (Zimmerman, 1995, s. 588):



**Fig. 1.** Nomological network for psychological empowerment.

*Den intrapsykologiske komponenten.* Den intrapsykologiske komponenten (intrapersonal component) handlar då nettopp om korleis menneske tenker om seg sjølv. Her er Zimmerman (1995) oppteken av domener som opplevd kontroll og self-efficacy, motivasjon for kontroll, opplevd kompetanse og meistring (Zimmerman, 1995). Domenespesifikk opplevd kontroll refererer for eksempel til *tru* på si eiga evne til å påverke ulike livssfærer som til dømes familien, arbeid eller samfunnspolitiske kontekstar. Ein kan imidlertid oppleve å ha kontroll i nokre livssfærer, men ikkje andre. Den intrapsykologiske komponenten i modellen fokuserar på individet si eiga oppleving i dei ulike dimensjonane. Som no drøfta er det lite sannsynleg at individ som ikkje opplever at dei har evne til å oppnå mål, for eksempel vil lære om kva som trengs for å oppnå desse måla eller gjere det som trengs for å oppnå dei. Det å bidra til at menneske får tru på at dei kan oppnå måla dei set seg er derfor ein viktig del av Zimmerman (1995) sitt psykologisk empowermentbegrep. Det å bidra til at ein får tru på at ein kan oppnå å bli ein lovlydig samfunnsborgar må derfor vere viktig for eit soningstiltak.

*Den interaksjonelle komponenten.* Den interaksjonelle komponenten (interactional component) i psykologisk empowerment handlar om den forståinga menneske har av sitt

nærmiljø/samfunn for på denne måten å kunne planlegge korleis ein kan oppnå måla ein set for seg sjølv (Zimmerman, 1990a). Dette betyr vidare at ein må forstå normene og verdiane som gjeld i den konteksten/samfunnet ein lever i. Ein annan del av den interaksjonelle komponenten er begrepet critical awareness. Critical awareness hos Zimmerman (1995) refererer til om ein forstår kva ressursar ein treng for å oppnå eit ønska mål, om ein har kunnskap om korleis få tilgong til desse ressursane og ferdigheter til å benytte seg av desse ressursane når dei er oppnådd. Den interaksjonelle komponenten er brua mellom opplevd kontroll (den intrapsykologiske komponenten) og det å gjere dei handlingane som fører til måloppnåing og kontroll (atferdskomponenten), presiserar Zimmerman (1995). Mange ungdommar treng hjelp til å forstå samfunnet og kva som må til for å oppnå mål som for eksempel jobb og utdanning.

**Atferdskomponenten.** Atferdskomponenten (behavioral component) er som ordet tilseier, sjølve handlingane ein gjer for å oppnå måla sine (Zimmerman, 1995).

Oppsummert kan ein seie at psykologisk empowerment slik Zimmerman (1995) utvikla begrepet, dreiar seg om å gje ein person tru på at han/ho har evne til å påverke ein bestemt kontekst, at han/ho forstår korleis systemet fungerar i denne konteksten og kan utføre handlingane som er nødvendige for å oppnå kontroll og meistre situasjonen (Zimmerman, 1995).

Arbeidet til Ungdom mot Vold har som mål å hjelpe ungdommene til å bli meir sjølvstendige og gjere dei i stand til å meistre og kontrollere hendingar i liva sine, bruke tilgjengelege ressursar og forstå dei verdiar storsamfunnet legg til grunn (vedlegg A). Ein kan seie at dei nettopp er opptekne av psykologisk empowerment.

Denne undersøkinga er kort oppsummert oppteken av om ungdommen opplever at det har skjedd endring(-ar) av sine mulege sjølv, samt av psykologisk empowerment som prosess og resultat og korleis dei plasserer og vurderar Ungdom mot Vold i denne samanhengen.

### Metode

Denne undersøkinga evaluerar Ungdom mot Vold som soningstiltak ut frå ungdommene sine eigne erfaringar i organisasjonen. Eg har som nemnt valt ei kvalitativ tilnærming og undersøkinga har eit fenomenologisk perspektiv; den har som ståstad at den *verkelege verkelegheita* er den menneske oppfattar (Kvale & Brinkmann, 2009). Mennesket sine eigne opplevelingar av livsverda blir og best beskrive med eigne ord. Ifølgje Kvale og Brinkmann (2009) får ein god tilgang til menneske sine eigne opplevelingar av livsverda

gjennom eit kvalitatittiv intervju. Intervjuet gir personen mulegheit til å beskrive si eiga verkelegheit (Kvale & Brinkmann, 2009). Som presisert innleiingsvis har eg valt eit semistrukturert intervju.

### Design

Thagaard (2003, 2009) skriv at den kvalitative forskingsprosessen ofte kan beskrivast som eit vekselspel mellom induktive og deduktive fasar. Slik er det også i denne undersøkinga. Den første fasen av datainnsamlinga bestod som nemnt av åtte veker observasjon av Ungdom mot Vold sitt arbeid med straffedømt ungdom som ein del av kurset PSY4502b innanfor masterprogrammet ved Universitetet i Oslo. Denne fasen var induktiv ved at eg starta observasjonane med ei opa innstilling om kva tiltaket gikk ut på. Deretter gikk prosessen over i ein meir deduktiv fase i den forstand at eg på grunnlag av desse observasjonane og lesing av teori, avleia ulike tematiske innfallsvinklar som eg ønska å studere. Eg utvikla så eit semistrukturert intervju. Oppgåva er dermed eit resultat av retroduksjon; eit stadig samspel mellom teori, empiri og forskingsspørsmål (Thagaard, 2003, 2009).

### Utval og Rekruttering av Intervjupersonar

Eg vart interessert i ei eventuelt meir langsiktig virkning av soningsperioden i Ungdom mot Vold. Det var derfor viktig at det hadde gått ei stund sidan personen hadde avslutta samfunnsstraffa si. Samtidig var det avgjerande at det ikkje hadde gått så lang tid at dei ikkje hugsa opplevingane sine i samfunnsstraffperioden, for eg var oppteken av deira subjektive oppleving. Med desse to kriteria lagt til grunn vurderte eg det som mest hensiktsmessig at det skulle vere 3-5 år sidan intervjupersonane hadde avslutta samfunnsstraffa si i Ungdom mot Vold.<sup>3</sup> Rekrutteringa av intervjupersonar var eit samarbeid mellom Oslo Friomsorgskontor og Ungdom mot Vold. Oslo Friomsorgskontor laga ei liste som inneholdt over 30 kandidatar med og utan tilbakefall til kriminalitet. Deretter tok Ungdom mot Vold kontakt med ungdommene på lista for å spørre om dei kunne tenke seg å delta i undersøkinga. Det var ifølge dei tilsette i Ungdom mot Vold vanskeleg å få tak i mange av ungdommene på lista sidan mange av dei skiftar telefonnummer ofte. Seks personar deltok i undersøkinga. Alle var over 18 år, alle hadde fleirkulturell bakgrunn og alle som deltok i undersøkinga var menn. Nokre i utvalet hadde hatt tilbakefall til ny kriminalitet, andre ikkje. Eg visste ikkje kven som hadde hatt

---

<sup>3</sup> Dette gjaldt for alle utanom ein person som hadde avslutta soninga for 1,5 år sidan.

tilbakefall og ikkje. Eg var imidlertid heller ikkje først og fremst oppteken av om dei hadde hatt tilbakefall eller ikkje. Eg var oppteken av om ungdommen opplevde at perioden i Ungdom mot Vold hadde styrka dei på forskjellige måtar slik at dei i dag, på intervjugitidspunktet har som ideal eller muleg sjølv å bli ein lovlydig samfunnsborgar. For det er mange grunnar til at menneske ikkje greier å skifte livsmønster. Endringar i mulege sjølv og nye ferdigheiter representerar ei nødvendig forutsetning. Tilhøyrigheit og støtte frå forskjellelege sosiale system som familie, skule og vene representerar andre faktorar.

Det varierte kor mange timer dei seks deltagarane hadde sona hos Ungdom mot Vold. Den kortaste straffa var på 30 timer og den lengste var på 420 timer. I utgangspunktet vart sju ungdommar intervjuat, men det eine intervjuet vart forkasta på grunn av at vedkommande hadde sona så få timer at han nesten ikkje kunne uttale seg om soningstiltaket meinte han. Ingen av deltagarane fekk kompensasjon for å delta i undersøkinga.

For å ivareta ungdommane sin anonymitet er alle omtalte namn pseudonym. Namna er valde tilfeldig og personidentifiserande opplysningar er fjerna eller anonymisert i den grad det let seg gjennomføre i tråd med problemstillinga.

### Utvikling av Intervjuguide

Første fase av datainnsamlinga bestod som tidlegare nemnt av deltagande observasjon. Som deltagande observatørar tok eg del i aktivitetane til ungdommane, var saman med dei tilsette og fekk også vere med i samtaler med enkelte ungdommar. Desse observasjonane var med å skape forståing og djupare innsikt i korleis Ungdom mot Vold arbeider. Ut frå desse observasjonane fatta eg stor interesse for Ungdom mot Vold sin måte å jobbe på og vart interessert i å finne ut meir om kva ungdommane sjølve opplevde som vesentleg i organisasjonen sitt arbeid.

Breck og Reer (2009) har tidlegare gjort ei evalueringsundersøking av tiltaket Ungdom mot Vold. Den føreliggande undersøkinga bygger også på Breck og Reer (2009) si undersøking. Intervjuguiden i den føreliggande undersøkinga er i likskap med Breck og Reer (2009) knytt til både teorien om mulege sjølv, samt ein del som omhandlar ungdommane sine erfaringar med Ungdom mot Vold. Delar av det semistrukturerte intervjuet som er brukt i den føreliggande undersøkinga (vedlegg B) er følgeleg basert på det intervjuet Breck og Reer (2009) utvikla. Dette gjeld dei delane som omhandlar mulege sjølv og erfaringar med Ungdom mot Vold. Men sidan eg var interessert i om det hadde skjedd ei meir *langsiktig* endring av personen og livet hans, inkluderte eg fleire tidsaspekt i

intervjuet. Eg var oppteken av forandring over tid. Eg utvikla spørsmål om personen og livet hans knytt til hans mulege sjølv, samt dimensjonar i psykologisk empowerment. I tillegg var eg oppteken av aspekt som oppvekst, familie, skulekvardag og vennemiljø. Sidan eg var oppteken av å vurdere om det var skjedd endringar knytt til desse tema vart mange av spørsmåla spurt to gongar, både knytt til livet før soningsperioden i Ungdom mot Vold og etter. I tillegg til å vurdere om det hadde skjedd ei opplevd endring for personen i løpet av soningsperioden, var eg særleg oppteken av tida i sjølve soningsperioden i Ungdom mot Vold. Dette er viktig for å beskrive prosessar som førte til eventuelle forandringar.

Spørsmåla knytt til psykologisk empowerment har teke utgangspunkt i Zimmerman (1995) sitt nomologiske nettverk for psykologisk empowerment. For Zimmerman (1995) meinte og at det er viktig at beskrivingar av psykologisk empowerment må vere knytt til opplevelingane til deltakarane slik dei sjølve framstiller dei og kontekstuelt forankra i deira eigne livserfaringar. I den føreliggande undersøkinga blir følgeleg ungdommane for det første bedt om å fortelle om dei måla dei no har og korleis dei tenker om seg sjølv i framtida; sine mulege sjølv slik dei hugsar dei både før og etter deira samfunnsstraffperiode i Ungdom mot Vold. I denne undersøkinga benytta eg då Zimmerman (1995) sin teori om psykologisk empowerment for å sjå om ungdomane sjølv opplever å ha blitt styrka; psykologisk empowered, til å oppnå desse mulege sjølva. Spørsmåla knytt til psykologisk empowerment har teke utgangspunkt i dimensjonane som Zimmerman (1995) har brukt.

I den intrapsykologiske komponenten var Zimmerman (1995) oppteken av personleg kontroll og opplevd meistringskompetanse. I den interaksjonelle komponenten var han oppteken av problemløsing og meistringsevner. Atferd relatert til psykologisk empowerment kan involvere gruppe- eller samfunnsaktivitetar (Zimmerman, 1995).

Eg har vidare prøvd å nyansere dimensjonane under den intrapsykologiske og den interaksjonelle komponenten. Eg formulerte spørsmål knytt til den intrapsykologiske komponenten og var interessert i følgande tema: tru på at ein kan oppnå måla sine, opplevd kompetanse og meistringsevner, motivasjon for kontroll og opplevd personleg kontroll. Som ein del av den interaksjonelle komponenten var eg oppteken av dimensjonane kunnskap om korleis ein kan oppnå måla sine (oppnå sine positive mulege sjølv/unngå sine negative uønska mulege sjølv), bevisstheit om faktorar som hindrar og ressursar som hjelper ein til å oppnå og fullføre måla sine, evne til å kontrollere desse faktorane og mobilisere ressursar, kunnskap om verdiar og normer i samfunnet, meistringsevner og evne

til problemløysing. Dei to dimensjonane i atferdskomponenten i empowermentanalysen min dreiar seg om konkrete handlingar for å oppnå målet og å ta grep om eige liv (sjå intervjuguide, vedlegg B). Eg prøvde ut spørsmåla i intervjuguiden min på medstudentar og lærarar. Sidan majoriteten av intervupersonane ikkje hadde norsk som morsmål, brukte eg mykje tid i førekant på å formulere intervuspørsmåla på ein slik måte at det skulle vere enkelt å forstå. Dette gjorde eg i samarbeid med, og med god hjelp frå ein tilsett på Ungdom mot Vold. Det er viktig å presisere at han ikkje hadde innverking på innhaldet i spørsmåla, kun formuleringa og ordbruken.

Eg sette av nesten to veker mellom første og andre intervju for å ha god tid til å transkribere det første intervjuet og gjere eventuelle justeringar både i intervjuguiden og i rolla som intervjuar. Det vart gjort nokre små justeringar av intervjuet, men det mest nyttige var at eg som intervjuar fekk tid til å modnast i rolla og reflektere over korleis eg kunne forbetre meg.

### Intervjuprosedyre og Refleksjonar rundt Forskarens Rolle

Intervjua vart gjennomført i eit eige rom i Ungdom mot Vold sine lokal. Det vart som presisert utført seks intervju og ingen pilotintervju med straffedømte. Som Kvale og Brinkmann (2009) påpeikar, er dei første par minutta av eit intervju avgjerande.

Intervjupersonen vil skape seg eit bilde av intervjuaren før han opnar seg ved å fortelle om sine følelsar og opplevingar (Kvale & Brinkmann, 2009). Før intervjuet starta, brukte vi difor litt tid på å prate om kvardagslege ting der eg som intervjuar lytta oppmerksomt, samt forsøkte på best muleg måte å vise mi respekt og interesse for vedkommande. Det vart også servert frukt, bollar og drikke for å sikre at intervjupersonen ikkje skulle bli svolten i løpet av intervjuet. Det var viktig for meg å skape ei atmosfære der intervjupersonen slappa av og følte seg trygg til å fortelle fritt utan å føle seg vurdert på nokon måte. Thagaard (2003, 2009) vektlegg at eit sær preg ved den kvalitative forskingsprosessen er den nære relasjonen som oppstår mellom forskar og intervjuperson. Måten denne relasjonen fungerar på vil påvirke den informasjonen ein som forskar får tilgang til. Toma (2000) understrekar også at eit avgjerande aspekt ved det å få gode data i kvalitativ forsking er å skape eit nært forhold til intervjupersonen.

Refleksivitet er eit viktig begrep innan kvalitativ forsking og refererar til erkjenninga av korleis forskaren påverkar forskingsprosessen, både gjennom sin konkrete person (personleg refleksivitet) og gjennom sine teoretiske briller (epistemologisk refleksivitet)

(Willig, 2008). Eg betraktar altså kunnskapen eg produserar som tett samankopla til konteksten intervjeta vart gjort i, min eigen posisjon som forskar og meg som person.

I tråd med Toma (2000) har eg som kvalitativ forskar eit mål om å vere bevisst på kva måte eg som forskar påverka intervjupersonen og omvendt. Det er viktig å finne balansen mellom nærliek og avstand til intervjupersonen; nærliek i form av at ein kjem så tett inn på intervjupersonen sine meiningar som muleg, og avstand i form av at intervjupersonen kjenner til forskaren sin posisjon og korleis datamaterialet blir anvendt (Thagaard, 2003). Samtidig som at eg forsøkte å skape ein tillitsfull relasjon der deltakaren følte han kunne fortelle fritt, var det også viktig at han ikkje skulle fortelle meir enn han eigentleg var komfortabel med og angre i etterkant.

Etter litt småprating i starten gikk vi gjennom informert samtykke (vedlegg C) slik at eg kunne vere sikker på at intervjupersonen var klar over kva han hadde sagt ja til å vere med på. Det vart understreka at deltakaren kunne trekke seg frå undersøkinga på kva som helst slags tidspunkt. Eg fortalte om hensikta med undersøkinga og intervjupersonen fekk stille dei spørsmåla han lurte på før diktafonen vart skrudd på.

Som nemnt omhandla intervjet fleire ulike tidsperiodar i livet til intervjupersonen og ein del av dei same spørsmåla vart stilte fleire gongar knytt til ulike periodar av livet. Dette kunne fort blitt forvirrande, og eg starta difor sjølve intervjet med å teikne ein illustrasjon som eg brukte i løpet av heile intervjet (vedlegg D). I tillegg til at illustrasjonen var til nytte under heile intervjet, viste den seg i tillegg å fungere som ein fin og mjuk start der deltakaren fekk eit klarare inntrykk av kva vi kom til å snakke om vidare i intervjet.

Intervjet vart i størst muleg grad lagt opp som ei naturleg samtale og eg forsøkte å vere aktivt lyttande gjennom både nonverbale uttrykk som nikk og smil, og gjennom verbale uttrykk som oppfølgingsspørsmål. Dersom deltakaren begynte å snakke sjølv, forsøkte eg i størst muleg grad å la han prate slik som han følte det naturleg. Samtidig forsøkte eg å styre intervjet inn mot tematikken undersøkinga dreia seg om ved å følge opp med spørsmål frå intervjuguiden der det var naturleg. For å unngå misforståingar, klargjere betydninga av svaret og verifisere eiga tolking, stilte eg også fortolkande spørsmål. Det var viktig å finne balansen mellom det å ha ei tilbaketrukken rolle som intervjuar der eg omfamna tausheita og gav deltakaren rom til å tenke, reflektere og assosiere, og samtidig vere sensitiv overfor når deltakaren vart usikker av slike pausar med stillheit. Dette varierte i stor grad frå deltakar til deltakar. Nokre var komfortable med at det var stille lenge, og kom med endå meir utfyllande betrakningar til det vi snakka om, medan andre vart usikre på om dei snakka om ”feil ting” og unnskyldte at dei ikkje var så flinke å fortelle. I desse

tilfella tok eg som intervjuar ei meir aktiv rolle i samtala og gav i større grad respons til det deltagaren fortalte for å betrygge vedkommande. Det hevdast at ein som forskar står i ein overlegen maktposisjon i forhold til intervjupersonen (Thagaard, 2003) noko som var ei aktuell problemstilling også i denne undersøkinga. Ungdommane kunne føle seg underlegne. På grunn av ein slik maktposisjon starta eg kvart intervju med å understreke at grunnen til at eg ville snakke med vedkommande var at eg var ute etter å få vite meir om Ungdom mot Vold sitt arbeid og at eg difor var takknemleg for å få snakke med han som var ein av *ekspertane* på nettopp dette. Dette såg ut til å virke positivt på samtlege som svara med eit smil og at dei var glade for å kunne vere til hjelp.

Mi rolle som intervjuar var generelt noko eg var bevisst på frå start til slutt i kvart intervju. I nokre tilfelle merka eg at det å vere ei ung, kvit, etnisk norsk kvinne med høgare utdanning, i tillegg til å påverke intervjustituasjonen, også kunne virke som eit hinder. I eitt av dei første intervjuua kunne det virke som om intervjupersonane ikkje først og fremst såg på meg som forskar, men som ei ung, akademisk, lovlydig kvinne i møte med ein ung mann. Dette førte til at vedkommande forsøkte å ”pynte på sanninga” og heldt tilbake informasjon. I dette tilfellet måtte eg jobbe ekstra med å finne den balansen mellom nærleik og avstand og den lærte meg nokre enkle og viktige grep for korleis unngå dette for ettertid.

Alle intervju vart avslutta med spørsmål som dreia seg om noko positivt for deltagaren og samtlege vart sittande igjen ei stund etter intervjuet og prate som ei debriefing. Vi snakka både om korleis vedkommande hadde opplevd intervjustituasjonen og om det personen hadde fortalt i intervjuet. Det var eit viktig mål at intervjupersonen skulle gå frå intervjuet med ei god kjensle og eit ”heva hovud”.

Eg hadde sett av god tid til intervjuua og lengda på intervjuua vart i stor grad tilpassa intervjupersonen. Det vart også eventuelle pausar undervegs. Intervju varte frå 60 til 160 minutt og vart utført med diktafon. Dette gav meg mulegheit til å ha heile fokuset mitt på intervjupersonen utan å måtte notere så mykje for hand. Den vart skrudd på før første spørsmål i intervjuguiden og skrudd av når intervjuet var ferdig, men før debriefing. Før diktafonen vart skrudd av fekk intervjupersonen mulegheit til å utdjupe noko han hadde fortalt eller tilføye noko han meinte var viktig å få med. Etter at intervjupersonen hadde gått ut av rommet brukte eg noko tid på å notere ned umiddelbare inntrykk frå intervjuet som kunne vere nyttige i seinare analyse av transkripsjonane (jmf. Brinkmann & Kvæle, 2009).

## Transkribering

Alle intervjua vart transkriberte etter verbatim metode, altså ordrett (Braun & Clarke, 2006). Pausar, kremling, heva stemme, latter og smil er også presisert i transkripsjonane slik at teksten enklare blir tolka ut frå konteksten. Arbeidet med å transkribere intervjua førte til at eg vart godt kjent med datamaterialet. Eg gjorde meg opp viktige refleksjonar undervegs i transkripsjonsprosessen, både med tanke på eigen intervjueteknikk og innhaldet i intervjuja. Dette har vist seg å vere svært fruktbart i mitt vidare arbeid både som intervjuar og med analyseringa. For å sikre at transkripsjonane stemte overeins med lydopptaka hørde eg gjennom lydopptaka og mindre rettingar vart då føretakne i transkripsjonane.

## Analyse

Thagaard (2009) skriv at når ein vurderar opplegget for analysen av intervjematerialet, er det viktig å ta hensyn til korleis vi skal framstille datamaterialet. I denne undersøkinga blir fokuset i framstillinga retta mot både sentrale tema og mot sjølve personane som deltek i undersøkinga. Analysen er inspirert av tematisk analyse (Braun & Clarke, 2006) samt ei personsentrert tilnærming (Thagaard, 2009). Tematisk analyse er eit fleksibelt og nyttig forskingsverktøy som gir innsikt i eit komplekst datamateriale. Gjennom denne analyseringsmetoden organiserast og beskrivast datamaterialet på ein detaljert måte, og går samtidig lenger enn dette ved å tolke ulike aspekt ved forskingstemaet (Braun & Clarke, 2006). Braun og Clarke (2006) påpeikar at samtidig som bruken av tematisk analyse gir ei stor grad av fleksibilitet, kan denne fleksibiliteten også skape visse utfordringar i møte med eit omfattande datamateriale. Det var derfor hensiktsmessig å utføre analysen innanfor eit teoretisk rammeverk som gav visse analytiske retningslinjer.

**Undersøkinga sine to evaluatingsanalyser: Effekt- og prosessanalyse.** Prosessen med analysering av datamaterialet i denne undersøkinga kan primært delast i to: ei effektanalyse og ei prosessanalyse. Desse to analysene vil naturleg nok overlappe i stor grad.

**Effektanalysen.** Effektanalysen dreiar seg som om det har skjedd ei opplevd endring for ungdommen og hans liv. Her har analysen ei *personsentrert* tilnærming: opplever ungdommen at det har skjedd ei vedvarande endring av han sjølv og livet hans etter soninga hos Ungdom mot Vold? Har det skjedd ei endring av ungdommens mulege sjølv og opplever han at han har blitt psykologisk empowered etter soningsperioden? I denne delen av undersøkinga brukast det føreliggande teoretiske rammeverket for oppgåva som briller for koding/kategorisering og analyse. Denne delen av analysen er følgande ei

teoretisk, meir top-down-tilnærming og det blir utført ei begrepsstyrt koding av datamaterialet (Kvale & Brinkmann, 2009).

I denne delen av analysen såg eg først etter tekstuddrag som eg kunne tolka til å omhandle mulege sjølv og psykologisk empowerment og koda intervjuet ut frå desse tema. Deretter vart datamaterialet presentert i matriser (vedlegg E). Tekstuddrag og eigne notatar vart kategoriserte etter dei to tema (mulege sjølv og psykologisk empowerment) som igjen vart kategorisert i *før* og *etter* soningsperioden i Ungdom mot Vold: kva inneholdt ungdommens mulege sjølv før soning slik dei hugsa det og kva var innhaldet etterpå når eg intervjuia dei? Presentasjonen av datamaterialet i matriser fungerte som ein systematisk måte å samanlikne personen sine beskrivingar av seg sjølv og livet sitt før og etter Ungdom mot Vold. Slik kom det klarare fram kor vidt deltakaren opplevde at det hadde skjedd ei endring eller ikkje. Til sist valde eg ut meiningsfulle sitat som kunne brukast for å illustrere resultata.

Eg gjorde og ei tematisk analyse med ei induktiv bottom-up-tilnærming med den hensikt å avdekke andre tema i det den enkelte ungdom beskrev.

*Prosessanalysen.* Prosessanalysen var den andre delen av undersøkinga. Denne delen av undersøkinga hadde som formål å beskrive Ungdom mot Vold sitt arbeid gjennom ungdomane sine deskriptive framstillingar av tida i Ungdom mot Vold. I tråd med prinsippa i empowermentevaluering, forsøkte eg gjennom prosessanalysen å finne ut kvifor og korleis ein har oppnådd, eventuelt ikkje oppnådd, dei planlagte endringane. Kvifor har/har ikkje ungdommen blitt påverka i positiv retning i løpet av soningsperioden i Ungdom mot Vold? Denne delen av analysen hadde ei induktiv bottom-up-tilnærming og kodinga var datastyrt (Kvale & Brinkmann, 2009). I denne prosessen nytta eg analyseringsprogrammet HyperRESEARCH. Arbeidet med å identifisere interessante aspekt og tema i datamaterialet tilsvrar det Strauss og Corbin (1990, 1994) kallar åpen koding. Først silte eg ut alle tekstuddrag som omhandla beskrivingar av Ungdom mot Vold. Etter gjentekne gjennomlesingar av datamaterialet kom det etterkvart klart fram ulike tema som vart organiserte i forskjellege kategoriær. Det vart gjort eigne refleksjonar og skrive kommentarar undervegs i heile analyseprosessen. Deretter samanlikna eg dei ulike intervjuene på tvers gjennom HyperRESEARCH for å sjå etter fellestrekk mellom dei ulike intervjupersonane sine opplevelingar. Denne delen av analyseprosessen kallar Strauss og Corbin (1990, 1994) aksial koding. Dette resulterte i ei ytterligare klarare avgrensing av tema då eg organiserte kodane i grupper. I det siste steget i analyseprosessen tek ein den aksiale kodinga til eit høgare abstraksjonsnivå, til det Strauss og Corbin (1990, 1994)

kallar selektiv koding. På dette nivået utviklar ein overordna kategoriar som etterkvart utgjer ”the story of the case” (Strauss & Corbin, 1990, 1994). I denne siste fasen vart dei beste og mest informative tekstudraga/sitata valde ut og kategoriserte innanfor dei ulike tema. Gjennom HyperRESEARCH fekk eg presentert også denne delen av datamaterialet gjennom ei systematisk oversikt som kan samanliknast med matriser. Eg fekk både ei oversikt over dei tema som gikk oftast igjen på tvers av deltakarane, samt ei oversikt over alle tekstuddrag som var kategoriserte innanfor dei same gruppene. Sjølv om tekstudraga vart lausrivne frå resten av teksten, var eg bevisst på å ivareta eit fortolkande perspektiv ved å benytte desse matrisene i kombinasjon med meir heilheitsorienterte tilnærmingar (Thagaard, 2003, 2009). Dette meinar Thagaard (2003, 2009) kan mellom anna gjerast ved å kombinere temasentrerte og personsentrerte analyser.

Denne inndelinga av tema som ein del av analyseringa er gjort for å knytte empiri og teori saman på ein meir oversikteleg måte, samt samanlikne empirien frå dei ulike intervjugpersonane og sjå dette i lys av Ungdom mot Vold sine eigne mål og visjonar.

### Studiens Truverdigheit og Gyldigkeit

Enkelte kvalitative forskrarar ignorerar eller avviser spørsmål om validitet, reliabilitet og generalisering då dei er undertrykkande kvantitative begrep (Kvale & Brinkmann, 2009). Andre forskrarar har teke i bruk meir daglegdagse ord for å snakke om kvalitetssikring i kvalitativ forsking. Kvale og Brinkmann (2009) går inn for å ”avmystifisere” dei tradisjonelle kvantitative begrepa ved å seie at reliabilitet og validitet betyr det same som ein i daglegtala kallar pålitelegheit og gyldigkeit. I denne oppgåva vil eg benytte begrepa truverdigheit og gyldigkeit (Kvale & Brinkmann, 2009; Thagaard, 2003, 2009). Å tolke resultata av ei undersøking inneber å reflektere over meiningsinnhaldet i datamaterialet (Thagaard, 2003, 2009). Difor er det viktig å ha eit bevisst forhold til korleis ein som forskar tileignar seg innsikt, og måten denne innsikta blir vidareformidla på. Eit viktig mål er at forskinga skal oppfattast som truverdig. Dette handlar om at forskinga skal vere utført på ein tillitsvekkande måte. For å ivareta truverdigheita i denne undersøkinga har eg forsøkt heile tida å vere klar på kva som er intervjugpersonane sine utsagn og kva som er mine teoretiske briller og tolkingar. På grunnlag av dette er difor inkludert relativt mange sitat i presentasjonen av resultat.

Gjennom historiene ungdommane fortalte meg, har eg fått tilgang til detaljrike beskrivingar som har gjeve meg eit verdifullt innblikk i korleis dei har opplevd soningsperioden i Ungdom mot Vold. Det er likevel viktig å understreke at eg som forskar

ikkje har direkte tilgang på ungdommene sine erfaringar. Historiene i denne undersøkinga er ikkje kva ein kan kalle ei objektiv framstilling av verkelegheita, men subjektivt fortolka og forankra i bestemte sosiale kontekstar. Til sjuande og sist er alle psykologiske framstillingar av verkelegheita subjektive rapportar.

**Forskingsetiske hensyn og etiske dilemma.** Thagaard (2003, 2009) hevdar at etiske dilemma har fått ein meir framtredande plass innanfor kvalitativ forsking. Dei vala forskaren tek i løpet av forskingsprosessen har konsekvensar for dei personane som studerast (Thagaard, 2003, 2009). I denne undersøkinga har eg reflektert rundt ulike etiske dilemma heilt frå formuleringa av forskingsspørsmåla og gjennom heile prosessen fram til det endelege produktet (Nafstad, 2005). For det første er det å ta kontakt med ungdommar som sona ein dom for fleire år sidan i seg sjølv eit etisk dilemma. Desse ungdommene kan ha lagt ein vanskeleg periode bak seg og kan oppleve det problematisk at ein utanforståande skal rippe opp i ei vond tid. I denne vurderinga var eg avhengig av Ungdom mot Vold sine synspunkt. Sidan dei kjenner ungdommene godt, visste dei kven av ungdommene som kunne bli kontakta og samtidig føle at dei vart behandla med respekt og verdighet. Som utanforståande hadde eg inga innsikt i verken korleis dei var som personar, kva dommen bestod av eller om vedkommande hadde lagt alt bak seg og ville bli krenka om han vart invitert til å delta i undersøkinga. Difor valde Ungdom mot Vold ut kven frå lista til Oslo Friomsorgskontor dei ville kontakte. Som Kvale og Brinkmann (2009) belyser, kan det oppstå spenningar mellom vitskapeleg og etisk ansvar. Sidan denne studien er ei *evalueringsundersøking* av Ungdom mot Vold som soningstiltak, er det mange som vil stille seg kritiske til at det var Ungdom mot Vold som sjølve rekrutterte ein del av utvalet og at det var dei som tok kontakt med intervupersonane. Dette kan ha ført til at utvalet vart spesielt; at det bestod av kun personar som organisasjonen hadde eit positivt forhold til og at evalueringa dermed ikkje vart påliteleg. Ved å diskutere dette dilemmaet med Ungdom mot Vold i førekant av rekrutteringa og understreke nødvendigheita av å få ei så påliteleg og realistisk evaluering av tiltaket som muleg, forsøkte eg i størst muleg grad å tilfredsstille både det vitskapelege og det etiske ansvaret. Men eg er opa for at eg har eit utval av personar som har gode erfaringar frå soningsperioden sin.

Eit anna eksempel på spenning mellom etisk og vitskapeleg ansvar kunne forekomme i intervjustituasjonen. Som forskar ønska eg å vere så djupgåande og utforskande som muleg, samtidig som at eg måtte ivareta intervupersonen sin integritet og grenser (Kvale & Brinkmann, 2009). I nokre tilfelle sa intervupersonen noko, men viste gjennom små signal som kroppsspråk at det ikkje stemte. I desse situasjonane måtte eg som forskar vurdere om

eg skulle gå vidare med kritiske fortolkingar eller la vere. I og med at ein del av informasjonen som kom fram i løpet av intervjuet var relativt sensitiv, tok eg ei heilheitsvurdering på om det var ”nødvendig” å gå djupare inn i temaet for undersøkinga sitt formål samtidig som eg vurderte om det ville ivareta vedkommande sin integritet. I fleire tilfelle opplevde eg at intervjupersonane delte svært sensitive opplysningar under intervjuet. I dei tilfella der eg vurderte informasjonen som for sensitiv, forsøkte eg å dreie samtala bort frå temaet utan at vedkommande skulle føle at han hadde sagt noko ”feil”. Dette vart gjort for å skåne intervjupersonane. Om eg i løpet av prosessen har måtte velge mellom det etiske og det vitskapelege ansvaret, har det etiske ansvaret alltid veigd tyngst sjølv om det har kunne ført til begrensningar for studien.

Prosjektet er godkjend av Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste (NSD) og er gjennomført i tråd med deira retningslinjer og krav.

### Resultat og Diskusjon

Første del av dette kapittelet dreiar seg om resultata frå effektanalysen og rapporterar i kva grad ungdommen opplever å ha utvikla nye, mulege sjølv, balanserte sjølv, samt deira oppleving av dimensjonar i psykologisk empowerment. Andre del av kapittelet inneheld resultat frå prosessanalysen som analyserar ungdommane sine deskriptive framstillingar av det dei opplever som det viktigaste i måten Ungdom mot Vold arbeider.

Sitata er valde ut etter Kvale og Brinkmann (2009) sine retningslinjer. Dette betyr at når fleire av informantane uttrykte det same, er dei beste og mest informative sitata valde ut. Markeringa [...] i sitata betyr at eg har gjort eit kutt i teksten, markeringa (...) betyr pause og store bokstavar betyr at informanten hevar stemma.

### Opplevd Endring med Fokus på Mulege Sjølv og Psykologisk Empowerment: Effektanalysen

Som drøfta er eg i effektanalysen interessert i om ungdommane sjølve opplever at det har skjedd ei endring av dei sjølve og livet deira samanlikna med slik det var før dei sona samfunnsstraff i Ungdom mot Vold. Som presisert har denne delen av analysen både ei temasentrert tilnærming og ei personsentrert tilnærming.

Først vil eg imidlertid presentere ein av intervjupersonane, Yosuf, som kan vere med å synleggjere viktige aspekt ved mange av intervjupersonane sine bakgrunnar og deira sosiale erfaringar. For å minimere mulegheitene for gjenkjenning av folk som kjenner denne intervjupersonen, har eg imidlertid konstruert hans historie på ein slik måte at typiske tendensar framhevest i ei forenkla form basert på hans utsagn og med hensyn til det

eg prøvar å framheve (Thagaard, 2003, 2009). Ein del informasjon som blir ansett som mindre sentral er dermed endra utan at det går på bekostning av pålitelegheita av presentasjonen. Hans historie kan vere med å vise korleis eit stort antal av systema rundt barn og ungdom kan svikte (både familie, skule, barnevern, fritidsaktivitetar/lokalsamfunn). Dei fleste intervjupersonane har opplevd ei svikt i fleire sosiale system, men ikkje alle har opplevd det i så stor grad som Yosuf. Han har skrive under og godkjent at historia hans blir fortalt på denne måten. Dette er historia om Yosuf slik han fortel den sjølv.

**Historia om Yosuf.** Yosuf var åtte år då faren døde og dette fekk ifølge han sjølv sterke innverknad på familien. Storebroren takla dødsfallet därleg og fekk atferdsproblem. Yosuf såg opp til broren og ”begynte å drite seg ut” og vart ”apekatt på skolen” som han uttrykker det. Han fortalte vidare at ingen voksne kunne irettesette han, fordi ingen var faren hans. Yosuf vart kasta ut av skulen seks-sju gongar i løpet av barne- og ungdomsskulen. Han har alltid hatt lyst å spele fotball, men på grunn av atferdsproblem vart han bannlyst frå alle aktivitetar i nærmiljøet (fotball, handball, korps og speidar). Han løyste problem med å slå, det var det han hadde lært heime. Han fekk mykje juling av både broren og mora si då han var liten. ”Faren min var den eneste som bare var snill”, sa han. Broren sat mykje i fengsel og hadde store rusproblem. For Yosuf vart det vanleg å sitte i fengsel og ”drive med tull”. Då Yosuf var 15 år vart han sendt på ein barnevernsinstitusjon der det var mange menneske med psykiske lidningar, noko som var ein heilt annan problematikk enn den han sjølv hadde. På denne plassen knytte han seg til folk som var ”enda mer bajas” enn han sjølv, og i denne perioden begynte han å bli arrestert og få forelegg. Så flytta han og mora til ein plass langt utanfor byen, der han følte at han heller ikkje passa inn: ”Alltid vært sånn, jeg har ikke vært norsk, men jeg har ikke vært (folkegruppe 1) [heller], jeg har vært utlending uansett hvor jeg går.” Etter at han vart 18 år var han mykje reservepappa for nevøen (sonen til broren) fordi broren sat så mykje i fengsel. Yosuf har teke mykje ansvar for han og slutta på vidaregåande for å få tid til å hjelpe til. Så begynte han med rus; å røyke hasj, ta pillar og andre stoff. Var innblanda i fleire politisaker, dømt for alvorlege ting han var vitne til som han ikkje hadde gjort. Vart deretter dømt til samfunnsstraff hos Ungdom mot Vold. I løpet av soningsperioden opplevde han å få mykje hjelp med alt frå praktiske ting som å ringe inkassobyrå og ordne opp i gjeld, til å skrive jobbsøknader og skaffe seg leilegheit til samtaler om kva han ville med livet. Han hadde fått jobb i ein kiosk like før soningsperioden starta, og samfunnsstraffa vart tilrettelagt slik at han kunne halde fram i jobben. Like etter at han

kom i kontakt med Ungdom mot Vold vart broren drept og Yosuf var langt nede. Han opplevde å få god støtte frå Ungdom mot Vold. Ein av dei første Yosuf ringde til etter drapet var ein tilsett i Ungdom mot Vold. Då kom vedkommande med ein gong og henta Yosuf der han var, for så å vere med heim til resten av familien for å trøste dei. Etter ei tid begynte Yosuf på eit kurs i barne- og ungdomsarbeid, noko som hjalp han å sette sitt eige liv i perspektiv. Så vart han saman med jenta som han no er gift med og ventar barn med. Han slutta å ruse seg i 2010 og har no vore rusfri i 1,5 år. Han har fått jobb gjennom kurset han gikk på, dette er ei 50 % stilling i eit viktig kommunalt prosjekt der han jobbar med menneske. Han håpar å få ei 100 % stilling der etterkvarter når prosjektet får meir finansiering, slik at han kan ha betre økonomi og meir stabilitet når han no får eit barn.

**Utvikling av mulege sjølv.** Ein klar tendens i datamaterialet viser at intervupersonane har som Yosuf hatt risikofaktorar i fleire av dei sosiale systema. Mange beskrev familiesituasjonar der foreldre ikkje hadde oversikt over kva slags miljø dei var ein del av eller kva dei gjorde på i fritida. Alle beskrev oppvekstar i nabolag prega av tøffe gjengmiljø. Eine informanten var med kjende kriminelle gjengar på ran i ein alder av 13 år, ein annan vart banka av ti år eldre gutar i nabolaget og tvinga til å utføre kriminelle handlingar då han var 11 år. Nokre av intervupersonane fortalte at bakgrunnen for at dei vart med i kriminelle gjengar var at dei opplevde det som heilt nødvendig å vere med i ein gjeng for å bli beskytta mot andre kriminelle gjengar i nabolaget. Eine informanten sa det så sterkt at han var nøydd til å bli med i ein kriminell gjeng for å overleve ungdomsskulen.

Datamaterialet viser tydeleg at miljøet informantane var ein del av påverka sterkt utviklinga av deira mulege sjølv. Historia om Yosuf er eit eksempel på dette. Han voks opp i eit miljø prega av rus og vold. Broren var ”inn og ut av fengsel” og hadde fleire kameratar som var medlem i kriminelle gjengar. I tråd med det Abrams og Aguilar (2005) skriv om tilgjengelege rollemodellar i miljøet si påverking på mulege sjølv, kan ein anta at storebroren og miljøet rundt storebroren har vore med å prege Yosuf sine tankar om seg sjølv og livet sitt i framtida. Før Yosuf sona, var hans ønska mulege sjølv mellom anna å bli gangster og å vere ein del av dei tøffe ”gutta” i ein bestemt gjeng. Hans frykta mulege sjølv var å dø ung og åleine av ei kule i hovudet.

Yosuf: Jeg var redd for å dø alene. Ikke ha noen. [At] ingen skulle være der. Og jeg var redd for å dø ung. Ikke redd, men jeg tenkte ”jeg kommer til å dø ung”. Det var veldig mange rundt..broren min som døde ung da. De var sånn 20-21. Da tenkte jeg at det er normalt å dø sånn. Det er vanlig. Men det var liksom sånn, han var uheldig da, som hadde to-tre venner som døde på kort periode.

Intervjuar: Han?

Yosuf: Ja, storebroren min. Han hadde to venner som [...] døde med ni eller ti måneders mellomrom. Overdose. De var sånn 20-21 hvis jeg ikke husker feil.

Intervjuar: Mmmm. Kva var det du var redd for å dø av?

Yosuf: Alt mulig egentlig. Eller, når jeg var liten jeg trodde at jeg skulle bli gangster, at jeg skulle bli skikkelig sånn som man ser på TV ikke sant. Så jeg tenkte ”ja, hvis jeg fortsetter det livet jeg har, mest sannsynlig jeg får en kule i hodet når jeg er 20-22. Trodde jeg. Av en eller annen grunn.

Intervjuar: Var det noko du hadde lyst til å bli, eller noko du var redd for å bli? [...]

Yosuf: Jeg hadde litt lyst til å være tøff da. Jeg ville ikke at noen skulle tulle med meg. Skulle være hard. Sånn som storebroren min og faren min. Det var sånn jeg skulle bli. Tenkte jeg på den tida. Da var jeg 12-13 år tror jeg.

Intervjuar: Mmm. Såg du opp til nokon personar rundt deg som du [...] tenkte at du hadde lyst til å bli lik?

Yosuf: Broren min hadde noen venner som var veldig snille med meg da. Men de var liksom de store gutta, de tøffe gutta, (sted 1)-gutta [gieng]. Jeg hadde lyst til å bli en av de når jeg ble eldre. Og være sånn at ha masse venner som ville hjelpe deg hvis det var noen som tulla. At jeg alltid kunne ta en telefon så kom det masse folk og hjalp. Det var det jeg ville. Jeg håpa å bli sånn.

Kva med soningsperioden i Ungdom mot Vold og utvikling av mulege sjølv? Alle informantane opplevde at det skjedde ei utvikling av deira mulege sjølv i løpet av soningsperioden. Det å bli ein del av eit nytt miljø i Ungdom mot Vold med andre verdiar, rollemodellar og ideal som gjev status kan sjå ut til å ha ei klar påverking på utviklinga av ungdommane sine mulege sjølv. Også Yosuf opplevde at det skjedde ei endring av hans mulege sjølv i løpet av soninga i Ungdom mot Vold. Frå å ville bli gangster og medlem i ein kriminell gjeng, vil han no ha kone, barn, ein god jobb og drive med hobbyar:

Intervjuar: Du nevnte at her (peikar på illustrasjonen) at [...] før du kom i kontakt med Ungdom mot Vold så kunne du tenke deg å vere litt sånn gangster.

Yosuf: Ja, det var ikke den veien jeg ville ta i det hele tatt når jeg var ferdig her [på Ungdom mot Vold].

Intervjuar: Nei. Hadde du nokon voksenpersonar som du tenkte at du ville ligne på?

Yosuf: Mmm. Jeg vet ikke. Kanskje hvis jeg så en kar gå med barnevogn og kona si, så (...) *sånn* ville jeg være. Sjefen min kanskje, på kiosken. Han var sånn, han hadde kone og han hadde barn, han hadde en god jobb og jobba med det han likte og drev med hobbyer og sånn da, sånn ville jeg være da.

Yosuf har også eit håp om at han skal vere med å bidra til at sonen hans får eit trygt og stabilt liv med gode relasjonar til foreldra sine. Han er oppteken av å få seg fast jobb og ønsker å jobbe fullt slik at han kan få lån til å kjøpe eiga leilegheit og bil. Samtidig har han eit frykta muleg sjølv som går ut på det at han ikkje skal få fast jobb med det første. Ein kan difor seie at Yosuf no har balanserte mulege sjølv på dette området som handlar om jobb.

Dei nye mulege sjølva til Yosuf er nok ideal som ikkje har så høg status i det miljøet han var ein del av før. Som vi skal sjå seinare, er det mange av informantane som har bryte med det kriminelle miljøet dei var ein del av før soninga.

*Fråver av mulege sjølv og skaping av nye, positive mulege sjølv.* Ein annan tendens i datamaterialet viste at mange av intervupersonane hadde fråver av både ønska og frykta mulege sjølv og at dei ikkje tenkte så mykje på framtida før dei sona samfunnsstraffa si, bortsett frå at dei drøymde om å bli rike. Mange sa at dei ikkje tenkte på framtida, dei ”ga faen” i livet. Usain er ein av dei som hadde det slik:

Usain: Der og da [før soningsperioden] så hadde jeg ikke så mye egentlig ønsker. Bare ha en fin hus, ha en fin bil og klær. Det var eneste jeg tenkte på den tiden. Før.

Intervjuar: Ja. Nettopp. Kan du huske om du hadde et ønske om hvordan du ville bli som voksenperson?

Usain: Nei, faktisk så tenkte jeg ikke på det på den tiden. Da ville jeg ikke tenke på det, da ville jeg bare ta det rolig og bare ta det som det kommer. [...]

Intervjuar: Ja. Så hvordan var du før da?

Usain: Var ikke sånn. Var usikker i livet. Visste ikke hva jeg skulle gjøre i livet og liksom. Ga faen i livet. Og greit. Tar det som det kommer. Ikke noe mål i livet, skjønner ikke hva man skal gjøre. Gå på skole, jobbe, framtid. Så usikker hele tiden i livet.

Viss mulege sjølv fungerar som ”vegkart” til framtida slik som Oyserman, Bybee, Terry, & Hart-Johnson (2004) hevdar, kan ein anta at det vil oppstå ei kjensle av å vere ”retningsvill” når ungdomen har fråvær av mulege sjølv. Slik eg tolkar Usain uttrykker han dette når han seier ”ikke noe mål i livet, skjønner ikke hva man skal gjøre”. Fleire av ungdommane fortalte at dei før soninga i Ungdom mot Vold mangla mulege sjølv, og at dei var likegyldige til livet sitt og ”ga faen”. Kva seier dei så om perioden i Ungdom mot Vold? Opplever dei her å få nye framtidsmål å strekke seg etter; nye ønska mulege sjølv å strebe etter å oppnå og nye frykta mulege sjølv ein vil forsøke å unngå? Då kan handlingane i notida opplevast som meir meiningsfulle og motivasjonen for å ta kontroll over livet sitt kan auke. Dette uttrykte mange av ungdommane, som til dømes Usain. Han fekk i løpet av soninga meir konkrete draumar og mål for framtida i form av ønska mulege sjølv:

Intervjuar: [...] Hva vil du si er det viktigste i livet ditt akkurat nå?

Usain: Et mål. Bli noe. Drive noe sted eller bli businessmann. Et mål i livet. Man må ha det for å leve.

Usain har no skapt eit ønska, positivt muleg sjølv som handlar om at han ønsker å drive ein plass eller bli businessmann. Han er på god veg mot å oppnå dette mulege sjølv ved at han har fått jobb som dagleg leiar på ein restaurant. Han seier han må ha eit mål i livet for å leve,

og fleire uttrykte viktigheita av dette fordi det påverkar og er med å gje handlingane i notida meinings. Dette mulege sjølvet om å bli businessmann gir som Markus og Nurius (1986) trakk fram, ein styrkande og tolkande kontekst for det noverande sjølvet. Ali fortalte at han hadde forandra seg, og at denne forandringa skjedde i løpet av soningsperioden i Ungdom mot Vold: ”[...] Det var etter at jeg fikk samfunnsstraff at jeg forandra meg da. Det var da jeg tenkte at jeg må få opp øynene da. [...] Liksom, holde meg unna trøbbel, det er jo det første.” Abdil opplever at det å ha mulege sjølv å strekke seg etter har vore med å endra han: ”Jeg har begynt å bry meg om livet. Og framtiden. Og så tenker jeg mer før jeg gjør ting. Tenker alltid på hva som er konsekvensen først. Jeg har alltid gjort det egentlig. Men før så var det mer sånn at jeg ga litt mer f...[faen]”

*Utvikling av balanserte mulege sjølv.* Som drøfta i teoridelen er det for å klare å meistre eit liv utan kriminalitet viktig å ha balanse mellom ønska og frykta mulege sjølv på dette området. Som vi har sett, hadde nokre av ungdommene positive mulege sjølv før soningsperioden som inkluderte å bli gangsterar og gjengmedlemmer. For å hindre tilbakefall til kriminalitet kan det vere viktig at slike mulege sjølv blir endra frå å vere positive og ønska til å bli negative og uønska/frykta. Her spelar verdiane og holdningane i det nye miljøet i Ungdom mot Vold ei viktig rolle, samt eventuelt nye rollemodellar. Resultata frå prosessanalysen viser at fleire av informantane opplevde at det i løpet av soningsperioden vart snakka mykje om kor negativt det var å bruke tid på soning og alle dei uønska konsekvensane som kriminelle handlingar fører til. På denne måten fortel mange av ungdommene at dei etter kvart opplevde det å vere kriminell som ei uønska muleg sjølv. Mohammed formulerte det slik:

Mohammed: Men det er noen personer du ikke vil bli lik heller sant. Som jeg sa, jeg vil ikke bli en kriminell. Det vil jeg se bort fra. Fordi, du kommer ikke langt. Enten havner du i fengsel for resten av livet eller så dør du. Så det er ikke bra. For jeg har tre kompiser, to av dem i min samme alder har dødd, som jeg har oppvokst med ikke sant. Av overdose og sånn. Blitt skutt. Og drept. Det har jo kommet i media og sånn og, så jeg har lært av å se på dem. Så de fortsetter ikke sant, så da skjer noe dumt, så derfor man må steppe ut.

Det å ha ”kriminell” eller ”å bli straffa” som eit negativt/frykta muleg sjølv i kombinasjon med positive/ønska mulege sjølv som til dømes ”fast jobb” eller ”å leve eit lovlydig liv” er meir fruktbart for å unngå tilbakefall til kriminalitet. Som tidlegare presentert viste resultata i Oyserman og Markus (1990a) si undersøking at balanserte mulege sjølv var viktig for å ikkje utføre kriminelle handlingar. Data frå prosessanalysen viser og at Ungdom mot Vold jobbar bevisst med å skape og endre både positive/ønska

mulege sjølv og negative/frykta mulege sjølv hos ungdommane, samt å stimulere til utvikling av balanserte mulege sjølv der det å bli straffa er eit negativt muleg sjølv.

Andre informantar, som til dømes Ali, hadde derimot eit balansert muleg sjølv på området som omhandla kriminalitet også før han sona. Ali hadde eit ønska muleg sjølv som gjekk ut på å få utdanning og ein fast jobb, og eit ønska muleg sjølv som gjekk ut på å vere kriminell. På tross av hans balanserte mulege sjølv begikk han eit ran og vart dømt til soning. Han sa sjølv at han vart påverka av folk rundt seg til å vere med å gjere kriminelle handlingar han sjølv syns var feil. Det er følgeleg ikkje nok for alle å ha balanserte mulege sjølv for å klare å meistre å leve eit lovlydig liv. Ali sitt problem var mesosystemtilhøyrigheit med stor gjengkriminalitet. Det kan dermed vere viktig å bli styrka, empowered, på fleire områder i livet for å kunne realisere og oppnå sine ønska mulege sjølv eller unngå sine ønska mulege sjølv. Ifølge Ali hadde han tankar om kva han ønska og ikkje ønska for seg sjølv og livet sitt, men *gjorde* ikkje det nødvendige for å oppnå/unngå det: "[...] jeg har alltid tenkt 'jeg skal ikke bli sånn', men jeg har aldri gjort noe for å unngå det da. Så det ble etter at jeg kom hit [til Ungdom mot Vold]."

Å sjå på effekta av samfunnsstraff gjennom teorien om mulege sjølv, er nyttig for å få betre kunnskap og forståing for korleis rehabiliteringstiltak jobbar og skal jobbe med den enkelte. Data viser også at ungdommen har slite med å finne plassen sin i samfunnet og at Ungdom mot Vold rettleiar systematisk med å styrke ungdommens sjølvutvikling i meir positiv retning.

**Psykologisk Empowerment:** Å bli styrka til å nå måla sine. Eg skal no sjå på psykologisk empowerment. Opplever ungdommane at dei vart styrka i trua på at det er muleg å oppnå måla sine, at det nyttar?

*Den intrapsykologiske komponenten.* Denne komponenten handlar som presisert om ungdommen si oppleveling av seg sjølv.

*Tru på at ein kan oppnå måla sine.* Ut frå teorien om psykologisk empowerment er tru på at ein kan oppnå måla sine ein viktig psykologisk faktor for å lukkast med å utvikle og oppnå sine nye mulege sjølv. Tru på at ein kan oppnå måla sine er også avhengig av korleis ein opplever og vurderar sin eigen kompetanse og meistringsevner. Opplever ein lav grad av kompetanse og meistringsevner, påverkar det kor vidt ein trur ein kan oppnå måla sine, og vice versa.

Det empiriske materialet viser at mange av informantane opplever seg sjølve som usikre personar før dei kom i kontakt med Ungdom mot Vold. Fleire av informantane fortalte om opplevelingar i løpet av barndom og ungdomstid som kan ha vore med å bidra til det

motsette av å få tru på at dei kunne klare å oppnå det dei ønska eller unngå det dei ikkje ønska. Då Yosuf vart spurt om det var noko som hindra han i å oppnå det han ønskte før han kom i kontakt med Ungdom mot Vold, fortalte han dette:

Yosuf: (...) Ja. Hindre og hindre. Jeg hadde lærere, folk på klubben som jeg gikk på når jeg var liten. Liksom voksne figurer som jobba med meg da, som sa bare dårlige ting. Jeg var drittunge, jeg kom aldri til å bli noe, jeg kom til å havne i fengsel eller på gata og sånn. Det var stort sett det jeg fikk høre.

Det vart i møte med sosiale system her skapt eit muleg sjølv for Yosuf av at han var ein drittunge som aldri kom til å bli noko, samt at han kom til å hamne i fengsel eller på gata. Dette er eit eksempel på korleis mulege sjølv kan vere øydeleggande og hemmende.

Yosuf hadde ikkje tru på at han kunne bli til noko og kunne gjennomføre planane sine før han, som han seier, kom i kontakt med Ungdom mot Vold. Han seier sjølv at han ikkje hadde så store formeiningar om seg sjølv og ”dreit i alt”:

Intervjuar: [...] Viss du tenker tilbake på den tida her [peikar på illustrasjonen/før Ungdom mot Vold], hadde du tro på at du kunne oppnå drømmen din? Og gjennomføre planane dine?

Yosuf: Nei. (...) Nei, det var derfor jeg ikke hadde så store formeiningar om ting, det var liksom sånn..drømmer bare. [...] Der var liksom sånn at jeg skulle ønske jeg kunne klare det, men (...) Det var det jeg tenkte da. [...]

Intervjuar: Gjorde du noe konkret for å oppnå det?

Yosuf: Nei. Jeg var veldig sånn..jeg brydde meg ikke noe særlig om andre. Og jeg tenkte ”nei, det er for hardt, det går ikke.” Så jeg dreit i alt.

Eg tolkar Yosuf slik at når han ikkje hadde tru på at han kunne oppnå sine mulege sjølv om å få ein jobb og så vidare, ville han heller ikkje jobbe så hardt for å oppnå det. Men Yosuf fortalte at etter soningsperioden fekk han tru på at også han kunne oppnå og realisere planane sine:

Intervjuar: Hadde du tro på at du kunne oppnå dei planane dine på det tidspunktet her? [peikar på illustrasjonen/etter Ungdom mot Vold]

Yosuf: Ja. Det var noe av det jeg lærte å gjøre her [på Ungdom mot Vold]: sette meg mål som jeg vet jeg kan nå.

Mohammed beskriv også seg sjølv før soningsperioden som usikker og utan tru på at han kunne fullføre vidaregåande. Men i løpet av soningsperioden skjedde det endringar som førte til at han klarte å fullføre skulen:

Intervjuar: [...] Og på den tida her, hadde du da troa på deg selv? På den tida *for* du kom i kontakt med Ungdom mot Vold?

Mohammed: Nei, jeg var mer usikker. Jeg hadde jo planer og alt, men var mer usikker. Det vil jeg si. En usikker person med planer. [...] De [Ungdom mot Vold] kan oppmuntre deg til alt mulig liksom. De forteller deg ordentlige råd og, alt liksom. Jeg trodde ikke jeg skulle bli ferdig med videregående, men jeg kom hit og sone straffen min, og bare ved å sone straffen min så ble jeg ferdig med skole og, ikke sant. [...]

Intervjuar: [...] Kva er det dei seier om deg her [Ungdom mot Vold] da?

Mohammed: "Du er snill, smart, du kan klare det", sånne ting. Ellers så hører jeg ikke det, jeg hører ikke noe negativt eller positive ting ute. Bare en gang i blant, men da er det negativt.

Det at ungdommene i løpet av soningsperioden opplever å få tru på seg sjølv og at måla deira om eit liv utan kriminalitet er mulege å nå, vurderar eg som eit viktig grunnlag for endringsprosessen vidare.

*Motivasjon for kontroll.* I teoridelen som omhandla psykologisk empowerment var opplevd kontroll over livet sitt viktig for å få tru på at ein kan greie å oppnå måla sine.

Som tidlegare presentert kom det fram at fleire ungdommar var likegyldige til livet før soninga i Ungdom mot Vold. Å vere likegyldig tolkar eg som at ungdommen mangla tru på at dei hadde mulegheit for å kunne ta konstruktive grep og vart då ikkje motiverte for å endre seg. Fleire av informantane beskrev også ei oppleving av at livet var "forhåndsbestemt" av andre som til dømes foreldre og barnevern. Fleire av informantane fortalte at dei opplevde å bli fråtekne kontroll over liva sine ved at det har blitt teke djuptgripande avgjersler dei var ueinige i og som dei ikkje kunne påverke utfallet av. Abdil er eit eksempel på dette. Han budde hos mor og veslesøster medan far og halvbror budde ein annan plass. Barnevernet meinte at mor hans ikkje klarte å ta seg av han, og Abdil fekk då valget mellom å flytte på institusjon eller å flytte til faren sin som slo han. Abdil var redd for å havne på ein institusjon langt borte frå der han budde, og valde då å flytte til faren sin. Abdil sjølv var heilt ueinig i denne avgjersla og meinte at hadde hans problem ikkje noko å gjere med at mor hans ikkje var ein god forelder. Det hadde med at han ikkje høyrd etter kva ho sa:

Abdil: Det som skjedde var at det var så mye kaos på skolen og sånn og politisaker og sånn, så barnevernet sa til meg at "moren din klarer ikke å passe på deg, og derfor må du enten flytte til den andre forelderen din eller så blir vi nødt til å sende deg på en institusjon". (...)

Intervjuar: Var du enig i det?

Abdil: Jeg ville ikke flytte fra (sted 1) der og da. Jeg ville ikke flytte fra mamma. Vi krangla og sånn, det var fordi jeg ikke ville høre. Fordi *JEG* ikke ville høre liksom. Eee (...) I hvert fall så valgte jeg å flytte til pappa da. Tenkte at det er nærmere hjemme uansett. Ellers så hadde de sikkert sendt meg til en institusjon langt opp i Nord-Norge. Men, grunnen til at jeg flytta alene var at pappa flytta fra (sted 2) til en leilighet på (sted 4) som var ganske trang. Det var ikke plass til to menn å bo der på en gang. Så..vi gikk til barnevernet og de sa "ja, men vi kan fikse deg en egen leilighet." Det jeg ville var egentlig å flytte tilbake til mamma, men siden jeg var 17 år så gikk det ikke. De mente at mamma ikke kunne ta vare på meg vet du. Så jeg måtte vente til jeg ble 18.

Intervjuar: Når du ser tilbake på det, er du enig i den avgjerelsen som barnevernet tok eller..

Abdil: Nei. Det kommer jeg aldri til å bli. Det er det *styggeste* man kan gjøre egentlig. Og (...) hvert fall med tanke på (...) Jeg hadde det ikke dårlig i den forstand at jeg ikke fikk mat eller kjærlighet eller ble slått hjemme. Det var fordi jeg ikke klarte å oppføre meg.

Abdil opplevde dermed at barnevernet tok store valg som påverka livet hans og at det han sjølv ikke vart høyrt. Denne situasjonen utan opplevd og reell kontroll er ikke unik for Abdil. Tvert imot fortalte fleire av informantane om liknande opplevingar frå enten barnevern eller skule. Ein kan anta at slike hendingar fører til at opplevinga av eins personlege kontroll blir svekka, ein har ikke ei eiga stemme. Ein gir opp, blir disengasjert og likegyldige – slik mange av informantane beskrev det. Abdil fortel imidlertid at han etter soningsperioden opplever å vere meir motivert.

Yosuf og hans historie er nok eit eksempel på korleis opplevinga av å ikke ha kontroll over livet fører til ei kjensle av likegyldigheit. ”Det var forhåndsbestemt”, som Yosuf seier. Å vere likegyldig og ikke bry seg er, slik eg ser det, knytt til manglende motivasjon til å ta grep om livet sitt.

Yosuf: Det [livet] var litt forhåndsbestemt. Sånn på ungdomsskolen, fram til jeg sluttet på ungdomsskolen. For da var jeg liksom under 18 år. [...] Det bare gikk sånn, i en sirkel. Det bare gikk framover. Jeg tenkte ikke så mye på (...) Likegyldig. Veldig likegyldig. Jeg brydde meg ikke noe særlig. Det som skjedde, det skjedde. Gjorde det beste ut av det som skjedde.

Intervjuar: Mmmm. Følte du at det var du som styrte livet ditt i den retninga det gikk eller føler du at det var andre som var med å styre?

Yosuf: Der og da?

Intervjuar: Ja, eller kanskje..

Yosuf: Nå i ettertid så skjønner jeg at det var meg selv, men der og da så hadde jeg holdningen at det er aldri min feil. Stakkars meg og sånn og sånn. Det var litt sånn da.

Yosuf framstår no som ein engasjert person som har klare tankar om kva han ønsker og han virkar langt frå likegyldig til livet sitt. Det virkar tvert imot som om han har ei høg grad av motivasjon for å kontrollere livet sitt:

Intervjuar: Mmm. (...) Føler du no at du bestemmer over livet ditt eller føler du at livet ditt blir styrt av nokon andre?

Yosuf: Nei, jeg bestemmer alt selv. Det er det jeg gjør det til selv, tenker jeg. Om mesteparten. (...)

Det å ha motivasjon for å ta grep om livet sitt, kan i neste omgang føre til at likegyldigheita kan gå over til engasjement. Nettopp dette opplevde mange av informantane som ei av dei viktigaste endringane hos dei i løpet av soningsperioden, noko som også blir understreka i prosessanalysen. Mellom anna seier Yosuf:

Intervjuar: Kva er dine mest positive sider? Sånn som du er no?

Yosuf: Engasjert. Kanskje. Jeg er ikke likegyldig lenger. Jeg har meninger og er engasjert i det jeg gjør. Engasjert liksom, i fotball, familien min, jobben min. (...) Ja. (...) Engasjert er et ord jeg kan bruke.

*Opplevd personleg kontroll.* Fleire av informantane beskrev ein barndom og ungdomstid ofte prega av aggressjon og opplevd manglande personleg kontroll både over seg sjølv, men også over omgivelsane rundet seg. Fleire av informantane var dømde for vold. Nokre av ungdommane fortalte at Ungdom mot Vold hjalp dei med å få ”mer disiplin i hodet”. Den manglande kontrollen dei opplevde før soningsperioden kunne omfatte både det å ikkje klare å utføre handlingar som var nødvendige for å oppnå noko dei ønska (stå opp tidleg nok for å gå på skulen, samt gjere lekser for å klare å fullføre vidaregåande) og klare å la vere å utføre handlingar som ville føre til noko dei ikkje ønska, for eksempel slå ned ein person og dermed bli utvist frå skulen. Mohammed fortalte: ”Jeg sugde på skolen, strøyk to år på videregående. Så skulka jeg hver dag, gikk ikke på jobb. Så når jeg kom hit [til Ungdom mot Vold] så fikk jeg mer disiplin i hodet.”

Å klare å kontrollere temperamentet kan også vere ein viktig del av det å meistre eit liv utan kriminalitet og vold. Mange av informantane understreka korleis dei etter soningsperioden i større grad klarte å la vere å utføre negative handlingar som hindra dei i å nå sine meir langsigktige mål. Mohammed fortalte at før han kom til Ungdom mot Vold vart han fort sint, men at han opplever at ”lunta har blitt lengre”.

Mohammed: Ja, [jeg ble] jævlig fort sint. *Jævlig* fort sint. Så den lunta har blitt lengre nå.

Intervjuar: Ok. Veit du kva som kan ha bidratt til at den lunta har blitt lengre? [...]

Mohammed: [...] jeg tror det er via det... *Her* [til Ungdom mot Vold] kom jeg, de lærte meg også ”du må være rolig, tenke over det”. Liksom, Micki, du ser han er rolig. Han tenker over saken ikke sant, før han svarer. Det var sånn jeg ble lært opp.

Her ser vi korleis Mohammed, i tillegg til å ta til seg råd om korleis kontrollere temperamentet sitt, også ser på Micki<sup>4</sup> som ein god rollemodell.

Opplevd *manglande* personleg kontroll kan også som drøfta handle om ei oppleveling av å bli kontrollert av andre som vennegjeng og av system som for eksempel skule og barnevern. Fleire av intervjugersonane beskriv opplevelinga av det å tilhøyre gjengar med svært sterkt påverking på livet sitt der dei stadig må tilpasse seg andre sine avgjersler. Dette viser korleis ungdomen si tilhøyring i dei ulike sosiale systema får direkte innverking på deira handlingar:

Intervjuar: Syns du at du har fått bestemme over livet ditt i den perioden her [før Ungdom mot Vold]? Eller syns du at andre har bestemt over livet ditt?

---

<sup>4</sup> Tilsett i Ungdom mot Vold

Ali: Ja, det var litt sånn begge deler da. Når du går med kompiser, gjør de en ting da, du blir med automatisk. Selv om du ikke har lyst, men du blir med uansett. På grunn av du vil ikke..blir du ikke med da, så er det ikke sikkert de vil gå med deg neste dag. Og når du er ung, så tenker du bare på det.

Som utsagnet til Ali understrekar, er venene spesielt viktige når du er ung og ved å ikkje delta i dei handlingane bestemte av leiaren i gjengen, kan ein oppleve sanksjonar ved å bli ekskludert. Det å styrke personleg kontroll kan ein hjelpe ungdommen til å stå imot dette presset frå gjengen. Ali beskriv at han etter soningsperioden begynte å ta meir hensyn til familien enn til venene og at han lærte å seie nei til å vere med på å utføre kriminelle handlingar:

Ali: Hva jeg lærte [på Ungdom mot Vold]? Jeg lærte å ikke bli kriminell (...) Å holde seg unna trøbbel da. Det er det de lærer mest da. At du skal klare å holde deg, du skal klare å si nei, da. Hvis du får et tilbud om å gjøre noe kriminelt. [...]

Intervjuar: Hva slags tips ga de deg for å klare å si nei?

Ali: Det..liksom..for venner er jo ikke alt da. Familie er jo viktigere enn venn. Mener jeg. Så liksom, hvis du sier nei til en venn, han må jo akseptere det. Han kan ikke ta med deg ”jo du må” ikke sant, det går ikke.

Abdil framstår i dag som ein person som opplever å vere på veg til å få personleg kontroll over livet sitt, men slik opplever han ikkje at det var før soninga i Ungdom mot Vold:

Abdil: Det var andre som bestemte over det, sånn sett. Det var gutta [vennegjengen] som styrte livet mitt. Jeg føler ikke at jeg har kontroll over livet mitt nå heller, men jeg føler at jeg er på god vei til å få kontroll over det.

Han beskriv korleis leiaren i gjengen kontrollerte han gjennom sanksjonar som gikk ut på at viss Abdil ikkje møtte opp når han fekk beskjed, fekk han som straff å rane fem personar, elles fekk han ikkje vere med i gjengen:

Abdil: Det var liksom sånn at han som liksom var lederen i gjengen da, hvis han sa at vi skulle komme et sted, la oss si at han sa: ”kom til Eldorado kino klokka seks i kveld gutta!” Så var det sånn, den som ikke møtte opp, han ble liksom litt sånn støta ut i framtiden, helt til han beviste at han kunne være med i gjengen igjen.

Intervjuar: Korleis kunne du bevise at du var verdt å få vere med i gjengen igjen?

Abdil: Vet ikke, stille opp, gjøre ett eller annet unødvendige greier. Sånn gjengmentalitet. ”Siden du dreit deg ut der, så skal du rane fem stykker i kveld!” Sånn der tull.

No opplever han derimot at han har eit *valg*: Han kan velge å vere med dei gode eller dei därlege venene:

Abdil: Det som er greia er at jeg har alltid hatt masse, masse venner, så har det alltid vært sånn å måtte velge mellom de gode vennene og de dårlige vennene. Og jeg har alltid valgt å være med de dårlige vennene. Det er det. Så nå har jeg liksom bytta da, nå er jeg med de gode vennene. De som ikke vil at jeg skal rane en kar, som heller sier: ”Her, ta pengene mine”. Skjønner du?

Intervjuar: Mmmm.

Abdil: Mens de andre gutta, hvis jeg hadde sagt: ”jeg mangler femti kroner til å komme inn på det untestedet der” (...) ”Ja, kom vi jacker noen, vi tar det fra noen”.

Det å oppleve at ein har eit valg, kan vere første steg til å oppnå kontroll over livet og er dermed ein viktig del av prosessen. Som vist tidlegare er det imidlertid ikkje alltid like enkelt å velge å kutte kontakt med vene. Eventuelle sanksjonar og truslar kan føre til at vedkommande ikkje tør å gjere anna enn å føye seg etter leiaren i gjengen, å bryte med miljøet kan virke vanskeleg å gjere utan å ha andre å støtte seg på. Som for eksempel i Abdil sitt tilfelle.

*Den interaksjonelle komponenten.* Eit samfunnsstraffetiltak kan prøve å styrke relasjonen mellom den straffedømte og samfunnet. Det å bevisstgjere ungdommane på kva som må til for å oppnå måla sine er derfor ei viktig oppgåve, særleg for eit ungdomstiltak. Dette kan handle om å bevisstgjere ungdommane på hindringar og ressursar i dei sosiale systema rundt dei. Mange av intervjugersonane fortalte også at dei i løpet av soningsperioden hadde lært meir om kva som måtte til for å realisere måla sine og på den andre sida kva som kunne hindre dei. Mohammed viser for eksempel at han har reflektert rundt kva hindringar han har rundt seg og kva som må til for å unngå uønska situasjoner for han:

Intervjuar: Ja (...) Er det noe du kan gjøre for å unngå at det du bekymrar deg for skal skje? [...]

Mohammed: Det er ikke bare gå på de samme spora igjen. Men sånn, hvis jeg ser at noe jeg gjør er noe jeg har gjort før, da er det bare å kutte det. Ikke sant, hvis jeg loker med kriminelle folk, da blir jeg en kriminell, så jeg må slutte med det. Ikke sant. Så jeg merker jeg har begynt å kutte litt ned, men det skjer ikke på flekken, det tar jo tid. Så jeg merker resultatene kommer. Så hvis jeg bare fortsetter så går det greit.

Dette viser at Mohammed sine refleksjonar rundt hindringar allereie indikerar handling: han ser at han må bryte med det kriminelle miljøet. Det er også viktig å få kunnskap om tilgjengelege ressursar for å legge planar og oppnå eit mål. Yosuf viser klare teikn på at han er på veg til å forstå og meistre samfunnet han er ein del av. Han har lært seg å mobilisere ressursar for å oppnå det han ønsker, både gjennom menneske i nettverket sitt og via NAV-systemet:

Intervjuar: Benyttar du deg av andre menneske rundt deg for å oppnå det du ønsker deg?

Yosuf: De som er relevante. Jeg bruker hjelp, men jeg utnytter liksom ikke folk sånn sleipt liksom da. Jeg har gjort ting på en litt mer ordentlig måte enn det jeg ville gjort før.

Intervjuar: Mmm. Er det nokon rundt deg som har hjulpe deg til å oppnå det du ønsker deg?

Yosuf: Kona for så vidt. Og tanta mi. Søstera til moren min, har gjort det. Og, jeg vet ikke, jeg har gjort mye selv også da. Og jeg har brukt NAV-systemet mye. Akkurat nå har jeg en veldig ålereit saksbehandler der. Og det kurset jeg gikk på, det også var veldig greit. Fikk veldig mye hjelp til sånn gjeldshåndtering og sånn der da.

Som vi ser, for ungdom er det viktig å få kunnskap og forståing om samfunnet rundt seg. Dette er ein vesentleg og nødvendig del av psykologisk empowerment i eit moderne, vestleg samfunn.

*Kunnskap om verdiar og normer i samfunnet.* Det å beherske samfunnet ein er ein del av, er også nødvendig for å etter kvart takle voksenrolla. Om ein ikkje har kunnskap om verdiane og normene i det samfunnet ein er ein del av, blir det også vanskelegare å mobilisere dei nødvendige ressursane for å oppnå mål som for eksempel å vere lovlydig, få seg arbeid, inntekt og så vidare. Som resultata frå prosessanalysen viser, er dette ei oppgåve Ungdom mot Vold er svært opptekne av å jobbe med, og dette kjem eg tilbake til. Fleire av informantane nemnde eksempel på normer og verdiar dei hadde fått kunnskap om i løpet av soningsperioden som for mange andre kan virke som sjølvsgagte. Ali er ein av dei som fekk eit bevisst forhold til fleire av verdiane og normene i samfunnet. Han opplever i dag å beherske det norske arbeidslivet:

Intervjuar: Hva lærte du om det å være voksenperson [i løpet av soningsperioden i Ungdom mot Vold]?

Ali: Som voksenperson da (...) Oppførsel da, det er jo veldig viktig. Hvordan du skal oppføre deg, det snakka vi veldig mye om. Sånn som når du går på gata.. hvis du har mye spytt i munnen, i stedet for å spytte midt i veien, så kan du heller spytte på siden sånn at ingen ser det. Det er liksom sånne ting, respektere de ute så får du respekt tilbake.

Intervjuar: Mmm (...) Kan du huske andre ting du lærte om det å være en voksenperson?

Ali: Det er liksom, jobb da. Jobb da (...)

Intervjuar: (...) Hva lærte du i forhold til jobb? Hva sa de i forhold til jobb?

Ali: Hvis du vil beholde en jobb, så må du stå opp, så må du vise deg fram. Så må du ha god kontakt med sjefen, ha et godt arbeidsmiljø. Og det har jeg.

Dette illustrerer at Ali har fått kunnskap om normer og verdiar i samfunnet på fleire nivå, frå at ein ikkje skal spytte på gata til kva som er viktig i arbeidslivet. Eg vurderar dette som såpass grunnleggande kunnskap i det norske samfunnet at om ungdommar manglar denne kunnskapen kan det føre til at vedkommande føler seg både utrygge på omgivelsane og ei manglande oppleveling av å vere inkludert i samfunnet.

*Meistringsevner og evne til problemløysing.* Problemløysing handlar i stor grad om å ta tak i ting og ikkje ”rømme” frå problemet eller utsette det. Det å ta tak i eit problem kan handle om å vite kva som må til for å løyse det, eventuelt å mobilisere ressursar rundt seg

som kan vere til nytte. Mohammed beskriv at han har lært nettopp det å ta tak i problem i Ungdom mot Vold:

Mohammed: Det er litt sånn, jeg har lært sånne ting kanskje som å være hjelpsom, tenke med hodet, gjøre de viktige tingene i livet ditt ferdig, ikke utsette det; ”jeg tar det i morgen, ta det i morgen”. Ta det med en gang og bli ferdig, sånne ting lærte jeg. Så, jeg har prøvd å ta det med videre og gi det til noen andre, men det er opp til dem om de vil lære det eller ikke. Som jeg sa til deg, jeg har sett på mange som har vært her at det har skjedd en forandring og da kan jeg garantere at de (Ungdom mot Vold) gjør noe bra, ikke sant. Så det er greit.

I dette utsagnet ser vi i tillegg at Mohammed prøvar å lære vidare det han har lært på Ungdom mot Vold, noko eg tolkar dit hen at han opplever å meistre dette så godt at han sjølv kan lære det vidare til andre. Abdil seier også at han lærte å gjere det beste ut av situasjonen og løyse problemet i staden for å ”fucke off”:

Abdil: [...] Og så var det det også at jeg begynte å tenke at det er bedre å gjøre det beste ut av situasjonen. Alt jeg tror, det er *dem* [Ungdom mot Vold] liksom. Som fikk meg til å tenke at det beste er å gjøre det beste ut av situasjonen. I stedet for å fucke off.

*Atferdskomponenten.* Psykologisk empowerment dreiar seg som drøfta om at personen blir i stand til å handle. Eg studerer ungdom som har begått eit lovbro. No vil eg spesielt fokusere på det å la vere å utføre kriminelle handlingar samt det å bryte med det kriminelle miljøet. Eg anser begge desse handlingane for å vere svært viktige faktorar i det å meistre eit liv utan kriminalitet.

Å la vere å utføre ulovlege handlingar er som tidlegare drøfta ein viktig del av det å meistre eit liv utan kriminalitet. Då eg spurte Ismael om han opplevde å ha forandra seg i løpet av soningsperioden hos Ungdom mot Vold fortalte han at han hadde skjerpa seg på visse ting:

Ismael: Men jeg har skjerpa meg på visse ting. Masse. (...)

Intervjuar: Ja. Hvilke ting har du skjerpa...

Ismael: [avbryt] Kriminalitet. Ran, slåss, skyting, kutte fingrene på folk, torturere folk, jeg klarer det ikke mer. Jeg har snakka med de mye [peikar på kontoret til Ungdom mot Vold].

Av datamaterialet går det fram at ungdommene meinte at for å oppnå sine ønska, mulege sjølv og unngå sine uønska, mulege sjølv var det viktig å bryte med miljøet dei var ein del av. Yosuf fortel om korleis han konkret braut med sitt kriminelle miljø:

Intervjuar: Gjorde du noe konkret for å oppnå det du drømte om?

Yosuf: Jeg kutta veldig mye kontakt med veldig masse venner, folk som jeg hadde vært veldig nære venner med. Tråkka ganske mange på tærne for å komme dit jeg er nå.

Intervjuar: På hvilken måte tråkka du de på tærne?

Yosuf: Kutta helt kontakt, noen ganger på en ganske frekk måte. Bare slette telefonnummeret, ikke snakke med de. Snakker ikke en gang med de på Facebook. Trekker meg helt unna kriminelt miljø. Alle vet nå at jeg ikke er sånn som jeg var før. Jeg er litt mer ordentlig. I hvert fall det jeg ser på meg selv som en ordentlig person nå da, i forhold til det som jeg var.

Abdil brukte narkotika opp til fleire gongar om dagen, men har klart å slutte med det. Han seier han klarte å komme seg ut av sitt dårlige miljø takka vere Ungdom mot Vold:

Abdil: Jeg sluttet med det [narkotika] *helt* i år. Men det var sånn helt fra niende klasse og helt til i år egentlig. Eller det var egentlig i fjor også da trappa jeg ned. Men i 2009 og årene før, 2008 og 2007 da var det ofte, opp til flere ganger om dagen.

Intervjuar: Åja.

Abdil: Men jeg har kommet meg ut av det dårlige miljøet, takka være disse her gutta her, Ungdom mot Vold. Hjulpet mye.

Å motivere ungdommen til å bryte med eit kriminelt miljø er noko Ungdom mot Vold jobbar med og dette vil bli beskrive nærmare gjennom resultata frå prosessanalysen.

Datamaterialet viser oppsummerande at alle informantane opplever at det har skjedd ei forandring i livet deira frå før dei sona i Ungdom mot Vold til etter. Dei beskriv soningsoppfaldet i Ungdom mot Vold som eit *vendepunkt* i livet deira. Alle dei seks, med unntak av ein person seier at dei no lever lovlydige liv. Denne eine personen opplever likevel å ha blitt forandra i løpet av soninga fordi han har sluttet å utføre dei grovaste av dei kriminelle handlingane han brukte å gjere.

### Slik Ungdom mot Vold Blir Beskrive av Ungdommane Sjølv: Prosessanalysen

I denne delen av presentasjonen av datamaterialet blir ungdommane sine deskriptive framstillingar av Ungdom mot Vold presentert. Denne delen av undersøkinga er som presisert induktiv analyse. Dei tema som her blir presentert går igjen hos alle ungdommane i undersøkinga. Analysen som vart gjort i HyperRESEARCH viste at alle dei 42 ulike kodane i prosessanalysen er inkluderte i dei tema som no blir presentert.

**Relasjonen til dei tilsette i Ungdom mot Vold.** Som effektanalysen viser, opplever mange av ungdommane at det skjedde eit vendepunkt i livet deira i løpet av soningsperioden. Men det kan vere vanskeleg for dei å beskrive både korleis og kvifor dette vendepunktet skjedde. Gjennom prosessanalysen kom det klart fram at ungdommane understrekar gang på gang opplevinga av at dei tilsette i Ungdom mot Vold er rådgjevarar for dei og at råda dei fekk frå tilsette i Ungdom mot Vold var med å føre til at dei forandra seg. Fleire av råda dei hugsa som vart nemnde konkret i intervjuet kan nok for utanforståande tolkast som ”sjølvsagte”. Eksempel på slike råd kan vere ”du må vere rolig og tenke over det” og ”det er viktig med utdannelse”. Det vart difor interessant om dette

var første gongen dei hadde fått denne type råd eller om andre hadde forsøkt å gje dei slike råd tidlegare. Fleire av ungdommene fortalte at foreldre, lærarar, barnevern, politi eller andre hadde gitt liknande råd tidlegare. Gjennom spørsmål om kva som var grunnen til at dei plutselig tok til seg desse råda, kan eg få innsikt i korleis Ungdom mot Vold arbeider.

*Frå å gi faen til å lytte til gode råd.* Fleire av ungdommene beskrev at før dei kom i kontakt med Ungdom mot Vold, ville dei ikkje høre på det vaksne folk hadde å seie til dei. Slik eg tolkar dette, skjer det ei bearbeiding av ungdommen i Ungdom mot Vold slik at han opnar seg for å ta imot råd. Abdil beskrev det på denne måten:

Abdil: [...] før så var jeg veldig.. jeg vet ikke (...) bråkmaker. Jeg vet ikke hvordan jeg skal få sagt det, men.. jeg var sjefen. Jeg ville ikke høre hva noen andre sa til meg. Uansett hva det gjaldt liksom. Om jeg hadde gått en dag uten å dusje og noen sa til meg, eller moren min sa til meg: "Gå og dusj!" Så skulle jeg gå to ekstra dager uten å dusje bare for å (...) jeg vet ikke hvorfor jeg var sånn.

Det å beskrive prosessen som førte til at han begynte å høre på vaksne og ta til seg råd, kan vere vanskeleg, men Abdil beskrev det som at Ungdom mot Vold ”åpna meg så jeg ble mer mottagelig for god lærdom”:

Abdil: Jeg vet ikke. Før så ga jeg f... [faen]. Brydde meg ikke om hva som skjedde. Men så når jeg var her, så begynte jeg å tenke på fremtiden. De fikk meg til å begynne å tenke på fremtiden og da (...) jeg vet ikke. De åpna meg på en måte.

Intervjuar: (...) Åpna deg sånn at du (...)?

Abdil: Åpna meg så jeg ble mottagelig for god lærdom. Ja. Jeg vet ikke altså. Før var det sånn at det var jeg som visste best. Jeg vet ikke hva som skjedde, det bare skjedde noe opp i hodet mitt som ble til at det de sa var mer rett enn det jeg hadde tenkt før.

Abdil fortel vidare at då han kom til Ungdom mot Vold tenkte han at det alle andre sa til han var ”bullshit”, men Micki fekk han til å tenke annleis:

Abdil: Det er egentlig alt de har sagt. Egentlig *a/t*. Først, når jeg kom hit så var jeg fortsatt i det stadiet at alt det andre sa til meg var bullshit, men så sa de ett eller annet til meg (...) jeg tror det var Micki. Micki altså, smart kar han der, som fikk meg til å tenke sånn ”hm, sant, sant.” Så det var det. Jeg vet ikke. Mange samtaler, tro meg. [ler] Ja (...) det (...) de har gjort en god jobb, i hvert fall med meg. Jeg kan ikke prate for alle andre, men jeg er veldig fornøyd med det jeg har fått ut av å sone samfunnsstraffen min hos Ungdom mot Vold.

Det er viktig å understreke at det er mange faktorar som kan spele inn når det skjer eit vendepunkt i eit menneske sitt liv, som til dømes tidspunktet; at vedkommande vart klar for ei endring i livet sitt. Ein annan grunn kan vere at personen forstod alvoret gjennom å få ein dom, og at han dermed vart motivert til å skape ei forandring. Ein skal heller ikkje undervurdere den påverkinga som andre har forsøkt å oppnå på tidlegare tidspunkt i personen sitt liv. Denne kan tilsynelatande ha virka nyttaus, men kan ha vore med å ”klargjere” ungdommen til å ta til seg råd. Men kva opplever ungdommene som vesentleg i Ungdom mot Vold sitt arbeid?

**Atmosfæren i Ungdom mot Vold:** "*Det er kjærighet rundt hele liksom*". Informantane i studien er opptekne av den gode atmosfæren i Ungdom mot Vold. Fleire vektla at dei ikkje opplever det som å vere på eit kontor, men som heime. Andre kalla det for "my second home", og sa det er ein plass dei kan slappe av og føle seg trygge.

Mohammed syns det var vanskeleg å beskrive korleis Ungdom mot Vold liknar på eller skil seg frå andre institusjonar for ein person som ikkje har "vore gjennom det", men vektlegg fleire aspekt:

Intervjuar: Syns du at Ungdom mot Vold liknar på eller skil seg frå andre institusjonar, sånn som skole, politiet eller familie? Kva er forskjellen og likhetene mellom Ungdom mot Vold og dei andre?

Mohammed: Jeg veit ikke jeg. Ungdom mot Vold er litt mer sånn, det er (...) Du finner ingen problemer da. Du kan komme hit, du (...) Du kommer ikke bare hit for å få hjelp eller råd, du kommer hit fordi det er, jeg vet ikke, det noe med kjemien liksom. Det er kjærighet rundt hele liksom, det er sånn jeg føler det. Fordi jeg fikk det forholdet til dem..det forholdet jeg fikk til dem var (...) ikke sant. Jeg sier storebror til dem. De er eldre enn meg og jeg viser dem respekt. De har hjulpet meg. De er ikke jævlige. Som politiet. Politiet er jævlige. [...]

Intervjuar: Så (...) du sa at du syns det er en kjærighet rundt de?

Mohammed: Når du kommer hit ja. Ja, jeg føler det. Du kan gjøre hva du vil her da. Ikke hva du vil, men skolestress da kommer du hit, har du problemer ute, kom hit, har du problemer hjemme, kom hit, har du problemer med rus, kom hit, ikke sant. Og de hjelper deg og. På den måten at du kommer gråtende inn og du går smilende ut. Og neste gang du kommer, så kommer du smilende og. Det er sånn de gjør det. Det er vanskelig å forstå det, man må være gjennom det da syns jeg. Jeg tror det.

Mohammed beskrev Ungdom mot Vold som ein plass ein kan få hjelp til å løyse problem knytt til ulike områder i livet, men han understrekar at det er ikkje berre derfor ein kjem dit: Det er noko med kjemien, "det er kjærighet rundt hele". Som eit fleirtal av informantane, kollar også Mohammed dei tilsette i organisasjonen for "storebror". Dette er ein dimensjon fleire av informantane har trekt fram som noko av det aller viktigaste med arbeidet Ungdom mot Vold gjer: Den gode relasjonen dei opplever å ha til dei tilsette i organisasjonen.

*Dei tilsette har eit genuint engasjement.* Alle informantane sa på ulike måtar at dei opplevde engasjementet og omsorga frå dei tilsette i Ungdom mot Vold som genuint og ekte. Dei fortalte at dei tilsette gjer "mer enn jobben sin", hjelper ungdommane utan at dei ber om hjelp, ringer dei både i løpet av soningsperioden og etter at dei er ferdig å sone for å spørre om dei har det bra, om det er noko dei kan hjelpe dei med. Fleire av informantane sa at dei følte dei kunne ringe dei tilsette i fritida, og at dei visste dei ville stille opp viss det var nødvendig. Ein av informantane nemnde Masood<sup>5</sup> som ein av sine tre beste vener og "kompis" er eit ord som ofte vart brukt for å beskrive relasjonen med dei tilsette.

---

<sup>5</sup> Tilsett i Ungdom mot Vold

Yosuf fortalte denne historia for å forklare bakgrunnen for hans oppleving av at dei tilsette oppriktig vil hjelpe han:

Yosuf: [...] Jeg kunne alltid ringe hvis det var noe. Den dagen broren min [døde], så ringte jeg Masood med *en* gang. Så kom han og henta meg [...]. Så tok vi en kjøretur og prata litt og (...) han bare *værder*. Og han kom hjem til familien min og snakka med de og prøvde å trøste litt og sånn. Så sånn sett så er det en av grunnene til at jeg respekterer folka her veldig mye, for det virker som om de *oppriktig vil hjelpe*. Og jeg tror det er også..andre ser det da. Og opplever det jeg opplever. Og derfor får de respekt og derfor ser folk annerledes på de enn det de ville gjort på en saksbehandler på sosialkontoret eller barnevernet eller skole, jobb eller hvor som helst. De virker veldig engasjerte i det de gjør.

Ungdom mot Vold framstår følgeleg som ein lite byråkratisk og svært fleksibel organisasjon. Det at dei tilsette er tilgjengelege utanom arbeidstid ser ut til å få ungdommane til å føle at dei oppriktig vil hjelpe, og at engasjementet deira er ekte. Dette er eit aspekt som blir understreka av fleire som ein forskjell frå andre sosiale system, til dømes skulen. Når eine informant vart bedt om å samanlikne Ungdom mot Vold med skulen, sa han: "Ingen lærere har noen sinne ever ringt meg utenom skoletiden for å spørre meg 'Hvordan går det? Har du det bra?'" Dette hadde han derimot opplevd med Ungdom mot Vold. Det er viktig å understreke at det kan vere meir enn eit ekte engasjement som spelar inn her. Lærarar har ofte 30 personar i klassen og har kanskje ikkje kapasitet til å følge opp alle elevane tett. Ungdom mot Vold er organisert på ein annan måte enn både sosialkontor og skulen og dette gjer det muleg for dei tilsette å tilpasse seg ungdommane i større grad. I tillegg strekker dei tilsette seg langt for å gjere ein god jobb og ta vare på ungdommane.

*Ein relasjon prega av gjensidig respekt.* Dei empiriske dataa avdekkar også ein annan dimensjon intervjupersonane var opptekne av: Dei opplevde relasjonen mellom dei sjølve og dei tilsette i Ungdom mot Vold var prega av *gjensidig respekt*. Det å føle seg respektert av vaksne menneske var for nokre av ungdommane ikkje ei selvfølge. Yosuf er eit eksempel på ein som ikkje hadde hatt så stor respekt for vaksne tidlegare. Han forklarte at grunnen til at han respekterar dei tilsette i Ungdom mot Vold handlar om at han føler seg respektert av dei:

Yosuf: De respekterer meg. Det er gjensidig respekt. Og behandler meg på en måte lik som de ville behandla seg selv da. Det er ikke noe sånn at de tror de vet bedre enn meg eller er smartere enn meg eller noe sånn. Det er veldig mange lærere som har vært sånn, som ikke har klart å (...). Jeg var liten, jeg gikk i syvende eller åttende klasse. Første året på ungdomsskolen, da.. jeg gikk på medisiner. Jeg har ADHD da. Så jeg gikk på Ritalin. Og da, første timen på den ene skolen så aaah, jeg hadde ledd og hatt det kult i timen da. Så hadde læreren skreket til meg foran alle de andre elevene: "har du glemt å ta pilla di eller?" Og jeg tenkte: "hva faen er det med han der?" Da ble jeg forbanna og da kunne jeg finne på å kaste noe i hodet på han eller (...) Dem [Ungdom mot Vold] er ikke på den måten der, de snakker til meg på lik linje.

*Identifisering med dei tilsette.* Ein annan dimensjon fleire av informantane understreka betydninga av, var at dei identifiserte seg med dei tilsette i Ungdom mot Vold. Dette ser ut til å ha positiv innverknad på kjensla både av å forstå og å føle seg forstått. To eigenskapar med dei tilsette i Ungdom mot Vold vart spesielt fokuserte på: Felles språk og felles interesser. Ali fortalte at det var enklare å forstå dei tilsette i Ungdom mot Vold fordi dei forklarte ting på ein annan måte enn mange andre:

Ali: [...] Sånn som meg, jeg er utlending da. Hvis jeg snakker med læreren, så kan det hende han bruker sånne ord som er litt vanskelige å forstå selv om jeg er født og oppvokst her. Men kommer jeg hit så kan kanskje de utvide det ordet da, forklare det på en forståelig måte. [...] Ikke sant, sånn som Kemal da, han snakker tyrkisk. Hvis ikke jeg forstår en ting på norsk, så kan han oversette det for meg siden vi snakker det samme språket. Og da er det mye lettere for meg å forstå.

Alle dei tilsette i Ungdom mot Vold har minoritetsbakgrunn og kan både tyrkisk, urdu og arabisk i tillegg til norsk. Både det at dei tilsette hadde minoritetsbakgrunn og det at dei kan same språket som dei, var det fleire av ungdommene som trekte fram som positivt. Ein kan då diskutere om dei ungdommene som ikkje snakkar same språk som dei tilsette (bortsett frå norsk) får same utbytet av soningsoppfaldet sitt. Datamaterialet viser ingen tendens til at dei med felles morsmål med dei tilsette har fått større utbyte enn dei med andre morsmål. Det einaste som kjem fram av datamaterialet er at fleire av ungdommene med same land-/språkbakgrunn som dei tilsette trekte dette fram som noko ekstra positivt.

Fleire av dei tilsette i Ungdom mot Vold har mykje kunnskap om bilar. Dette meinar Ali er viktig. Det at dei tilsette i organisasjonen har felles interesser med ungdommene kan antakast å forsterke opplevinga dei tilsette som ”kompisar”.

Ali: [...] De har jo mye peiling da, det er ikke bare om Ungdom mot Vold, de har sikkert andre interesser som bil, data, og sånne ting.

Intervjuar: Syns du det er viktig? At dei er interesserte i bil og data?

Ali: Ja, de jeg har møtt på av kriminelle (...) nesten alle er opptatt av biler. Det er det første de tenker på. Så det stedet her er perfekt sted å komme til da.

*Relasjonen som grunnlag for endringsprosess.* I ein endringsprosess kan relasjonen mellom til dømes veileder og ungdommen bety meir enn kva metodar som vert brukt (Rønnestad & Reichelt, 2011). Dette blir også understreka i datamaterialet i denne undersøkinga og er difor ein viktig dimensjon å belyse når ein skal beskrive korleis Ungdom mot Vold arbeider. Dette kan vere ein medverkande faktor til kvifor vendepunktet skjedde akkurat i løpet av soningsperioden i Ungdom mot Vold. Eg tolkar mine funn dit hen at denne gode relasjonen er særleg grunnleggande i det arbeidet Ungdom mot Vold gjer og som ei avgjerande årsak til at dei oppnår dei resultata som dei oppnår.

Ungdom mot Vold bidreg til eit meir positivt syn på framtida. Fleire av intervjupersonane fortalte om viktige opplevingar i løpet av soningsopphaldet i Ungdom mot Vold som kan vere med å forklare prosessen med å utvikle nye mulege sjølv. Yosuf beskrev korleis Ungdom mot Vold nyttar seg av tidlegare domfelte det har gått bra med for å vise at ”det er mulig”:

Yosuf: Men Ungdom mot Vold er veldig sånn at de ser det positive selv om det kan virke veldig mørkt for meg som person. Så går det an å få hjelpe her til å se at det er mulig. De kjenner jo mange det har gått mye bedre med. Og hvis du sitter her en dag og prater sånn og sånn, så kan de finne på å ringe en person som det går skikkelig bra med som har vært gjennom noenlunde det samme. Som kan komme på besøk og prate da, uformelt. Det er veldig greit.

Intervjuar: Opplevde du det?

Yosuf: Jeg vet ikke om det var skikkelig planlagt fra dem, men det har vært folk her som har gått gjennom ting og har liksom fet jobb. [...] Han fortalte at han hadde ordentlig jobb og sånn og sånn. Og så sa Masood: ”Se her gutta, det er mulig!”

Dette tekstutdraget kan vere med å belyse fleire forhold. Først og fremst viser det korleis Ungdom mot Vold jobbar konkret med å skape nye, positive mulege sjølv for ungdommane ved å invitere ein person det har gått bra med som mellom anna har ”ordentlig jobb”. I tillegg er dette ein person dei domfelte kan identifisere seg med, som Yosuf seier ”har vært gjennom noelunde det samme”. Dette samsvarar også med dei presenterte resultata frå Oyserman og Fryberg (2006) si undersøking. Det å sjå eksempel på kva ”folk som oss” kan bli, kan vere med å få dei ønska, mulege sjølva til å opplevast som meir *mulege*; når han har klart det, kan eg også klare det. Dette kan deretter vere med å styrke personen si *tru* på at han kan oppnå sitt ønska, mulege sjølv.

*Fokus på negative konsekvensar av å leve som kriminell.* Som vi såg i gjennomgangen av effektanalysen, uvikla fleire av informantane balanserte mulege sjølv der ”kriminell” vart eit frykta muleg sjølv. Ungdom mot Vold har lang fartstid i å jobbe med straffedømt ungdom og dei har god kjennskap til det kriminelle miljøet. Fleire av informantane sine utsagn understreka at dei tilsette sine beskrivingar av det å leve eit kriminelt liv var med å realitetsorientere dei og reflektere rundt dei negative konsekvensane av å leve slik. Ali skjønte etterkvart at det å leve som kriminell innebar å ikkje føle seg fri:

Ali: Jeg lærte jo å ikke være kriminell da, det er jo det du lærer. Liksom, de kan fortelle deg hvordan en kriminell har det. For eksempel en i B-gjengen da, går han ut på gata så går han ikke, han er ikke, han må hele tida se rundt seg, se bak seg. Men hvis du ikke er kriminell, ikke har noen som jakter på deg, så trenger du..da er du helt fri da. Gå hvor vil, gjøre hva du vil nesten.

Dette viser korleis tilsette i Ungdom mot Vold gjennom sine samtaler med Ali jobba med å skape eit uønska muleg sjølv som kriminell ved å fortelle han om dei negative

konsekvensane av å leve eit liv som kriminell. På den andre sida forsøkte dei å skape eit ønska muleg sjølv som lovlydig ved å fokusere på positive konsekvensar av å leve slik. Lukkast dei tilsette med å bidra til å utvikle desse mulege sjølva, utviklar ungdommen balanserte mulege sjølv på dette området. Ut frå det vi veit om balanserte mulege sjølv og kriminalitet, er dette ein svært god strategi å benytte seg av for Ungdom mot Vold om dei vil oppnå at ungdommen skal unngå tilbakefall (Oyserman & Markus, 1990a).

Dei presenterte dataa belyser vidare korleis Ungdom mot Vold jobbar med det å bevisstgjere ungdommen på konsekvensane av ei negativ atferd, som kriminelle handlingar. Dette kan i neste omgang kan føre til ei erkjenning av at det er behov for forandring. Som Abrams & Aguilar (2005) hevdar, er ei slik bevisstgjering avgjerande for å forstå at eigne val og handlingar er med å føre til dei problema ein hamnar i og at ein derfor må skape ei forandring av dei.

*Ungdommen føler eigarskap til målet.* Som drøfta i teoridelen skapast mulege sjølv og personlege mål saman med andre. Det er imidlertid viktig korleis dette blir gjort. Ei utfordring her handlar om å gje rettleiing utan å ”ta over” kontrollen av den andre sitt liv. Ein må vere bevisst på å ikkje ta frå ungdommen opplevinga av eigarskap til måla sine. Då vil motivasjon bli borte. Larson (2006) har kalla denne veilederoppgåva for *intensjonsparadokset*. Det må ikkje bli ein kamp om kor vidt det er ungdommen eller rettleiarene som skal ha kontroll. Heile prosessen må handle om at ungdommen skal oppleve eigarskap over livet sitt. Samtidig må ungdommen bli utfordra i prosessen med å utvikle seg og å nå sine positive mål (Larson, 2006). Dette datamaterialet viser og at informantane er opptekne av å understreke si eiga rolle i endringsprosessen. Fleire av dei snakka om kor viktige Ungdom mot Vold har vore i denne prosessen, men at det er først og fremst dei sjølve som har gjort det nødvendige for å oppnå måla sine. Abdil uttrykte det slik då han vart spurt om kven som kom med idear til planen han laga i Ungdom mot Vold: ”Altså. De planta frøet, men jeg grodde ideen. For å si det sånn.” Slik eg tolkar Abdil opplever han at Ungdom mot Vold bidrog til å skape ein plan, eller nye mulege sjølv, men at det var han sjølv som utvikla planen vidare og stod for gjennomføringa. Mohammed fortalte også at ein av dei tilsette i Ungdom mot Vold ansvarleggjorde han gjennom å understreke at det var Mohammed sjølv som måtte stå for dei konkrete handlingane som var nødvendige for å skape forandringa: ”Men han sa til meg, han sa: ’Det er ikke vi som forandrer dere, vi bare gir dere råd. Det er dere selv som må gjøre og ta initiativ til å gjøre det vi sier’”. Denne strategien til Ungdom mot Vold vurderar eg som svært viktig i endringsprosessen. Det at ungdommen opplever å vere den ansvarlege for forandringa er

iktig både for meistringskjensla når ein oppnår målet på same tid som at det kan forsterke opplevinga av personleg kontroll og tru på seg sjølv.

**Om å bli psykologisk empowered i Ungdom mot Vold.** I ungdommene sine beskrivingar av Ungdom mot Vold sitt arbeid var det fire dimensjonar i psykologisk empowerment som vart spesielt trukke fram av informantane: ein fekk tru på at ein kan oppnå måla sine, opplevd sterke personleg kontroll, ein fekk hjelp til å utføre konkrete handlingar og auka kunnskap om normer og verdiar i samfunnet. Funna frå den induktive prosessanalysen samsvarar her følgeleg med funna i den meir teoretisk styrte effektanalysen.

*Ein får tru på seg sjølve og at ein kan oppnå måla sine.* Som resultata i effektanalysen viste, opplevde fleire av ungdommene at dei i løpet av soningsperioden fekk tru på at dei kunne oppnå måla sine. Dette var eit tema som også vart lagt vekt på når ungdommene beskrev sine opplevingar i Ungdom mot Vold i løpet av soningsperioden. Prosessen med å få tru på at dei kunne oppnå måla sine, ser ut til å ha samanheng med at dei tilsette i Ungdom mot Vold heile tida signaliserte at dei hadde tru på at ungdommene kunne oppnå måla sine. Opplevingar av positive forventningar, anerkjennande tilbakemeldingar og ros, samt at dei tilsette er ”oppløftande” gikk igjen i datamaterialet. Ali fortalte for eksempel at han hadde eit ønska muleg sjølv om å få jobb etter lærertida, og Micki viste at han hadde tru på at Ali kunne klare det:

Ali: Så jeg kom hit og, jeg sa alltid til Micki: ”jeg håper jeg får jobb etter lærertida”. Så han motiverte meg: ”Får sikkert, du er flink, du gjør sikkert det du skal gjøre på jobben!” Så han fikk opp motivasjonen da.

Alle informantane gav uttrykk for at dei følte seg */ikt* av dei tilsette i Ungdom mot Vold. Fleire av dei gav uttrykk for at dei positive tilbakemeldingane dei fekk i løpet av soningsperioden var viktige for dei. Yosuf fortalte at dette var viktig for sjølvkjensla hans:

Yosuf: Ja, liksom, de løfter deg da, ikke liksom være negative og bare: ”nei, det er bare tull med deg og nei er du gal, du er jo dum” og sånn. Det var ikke sånn. Det var sånn: ”ja, men det høres bra ut og..” Det var veldig sånn, at hvis jeg kunne ha på meg (...) det var en dag jeg hadde på meg et brunt kjede og brune sko, og da fikk jeg skryt for det da, fordi jeg matcha! [smiler] [...] og alle sånne småting hjelper jo for selvfølgen ikke sant. Jeg har aldri hatt noe særlig god selvtillit da, når jeg vokste opp. Og jeg har fortsatt ikke verdens beste selvtillit, men den er bedre.

Dei positive holdningane dei tilsette i Ungdom mot Vold har til ungdommene pregar deira måte å møte ungdommene på. Funna i undersøkinga bekreftar at dei tilsette ser ut til å lukkast i å formidle eit positiv syn på kvar enkelt ungdom sidan alle informantane føler seg likt. Ein kan anta at den positive haldninga dei tilsette har er spesielt viktig og effektfull i møte med ungdommar som ikkje har opplevd så mykje av dette frå vaksne

tidlegare. Det ser ut til at når dei tilsette har tru på ungdommen, aukar det hans eiga tru på seg sjølv.

*Å oppnå personleg kontroll.* Som drøfta tidlegare er det å oppleve personleg kontroll avgjerande for å meistre eit liv utan kriminalitet. Yosuf fortalte korleis samtalene han hadde hatt i løpet av soningsperioden i Ungdom mot Vold med dei tilsette fekk direkte betydning for at han tok kontroll i ein situasjon som kunne ha enda heilt annleis:

Yosuf: Her [på Ungdom mot Vold] har de et sånt opplegg der de snakker om hvordan du kan løse ting ved å ikke gjøre det du gjorde før da. Hvordan man kunne unngått å komme hit snakker man om mye i de samtalene. [...] Man lærer (...) Jeg husker vi hadde en samtale her en gang om hvordan man kan unngå en situasjon ved å gjøre sånn og sånn. Og så var jeg på et utested hvor det var en som skulle gjøre det ene og det andre med moren min og han skulle ødelegge det og det og jeg liksom bare: "hæ? Tuller du med meg liksom?" Så tenkte jeg "ok, nå gjør jeg samfunnsstraff. Jeg vet jeg kunne smurt han fyren lett", men der og da så tenkte jeg på det vi hadde snakka om her og jeg hadde ikke lyst å skuffe Masood ved å lage en ny sak på meg da. For jeg hadde det veldig bra her og jeg ville ikke ødelegge noe som var bra, så da måtte jeg bare trekke meg unna. Det svei litt i stoltheten, men det funka bra for meg liksom. Kommer hit og så forteller man sågne ting, det er sånt man forteller andre [her], og da fikk jeg veldig mye skryt og da følte meg mye bedre. Så det er sågne småting som det, det hjelper jo på selvtillit og selvbehrskelse og sågne ting.

Dette tekstuddraget er eitt av mange tekstuddrag frå datamaterialet som belyser to andre viktige psykologiske strategiar i Ungdom mot Vold sitt arbeid: For det første opplever ungdommane at dei tilsette har positive forventningar til dei og at dei har tru på kvar enkelt. Det blir følgeleg skapt ein betydningsfull relasjon mellom ungdommane og dei tilsette som vi ser i dette tekstuddraget er positiv for Yosuf sin personlege kontroll. Yosuf ville ikkje skuffe Masood ved å få ei ny sak på seg og klarte dermed å trekke seg unna og unngå ein uønska situasjon som kunne enda med vold. For det andre fungerar Ungdom mot Vold som eit klart positivt miljø der ungdommane får ros og anerkjenning når dei endrar atferd og unngår kriminelle handlingar. Tekstuddraget viser også vidare at det var viktig for Yosuf å komme tilbake til Ungdom mot Vold og fortelle om denne hendinga og få ros av dei tilsette. Som Yosuf understrekar, kan dette styrke både sjølvtilleit og sjølvbehrskelse. I miljøet Yosuf var ein del av før, ville det å slå i denne situasjonen vore naturleg og gitt høgare status. Som han sjølv uttrykker det, "svei det litt i stoltheita" når han ikkje slo. Slik har mange av dei andre ungdommane det også. Ungdom mot Vold har dermed ein viktig funksjon ved å vere eitt nytt, positivt miljø med andre verdiar som kan forsterke og bekrefte ungdommane sine nye mulege sjølv. Dette ser ut til å auke ungdommane sin personlege kontroll og gje positiv atferdsendring.

Eit anna eksempel som beskriv prosessen for å ta kontroll over livet sitt, er frå ei anna samtale mellom ein av ungdommane og ein tilsett i Ungdom mot Vold. Fleire av informantane fortalte at slike samtaler var nyttige for dei, og at dei tilsette sa ting på ein

slik måte at ungdommene forstod det. Mohammed beskrev korleis Kemal hadde forklart han at han måtte ta kontroll over livet sitt. Dette vart illustrert gjennom ein metafor som gjorde det enklare for Mohammed å forstå kva han meinte:

Mohammed: Han [Kemal] bare: ”Du er spikeren, du må bli hammeren for å få kontroll på situasjonen!” Så det var sånne ting han fortalte meg litt her og der, så jeg begynte å tenke med hodet og da gikk det greit ass. [...] Da blei jeg hammeren.

Dette bildet var nyttig for Yosuf slik at han fekk nytt perspektiv på eiga atferd og kva som måtte til for å skape ei forandring av den: I staden for å la livet sitt bli styrt av andre, måtte han sjølv ta kontroll og handle.

*Ein får hjelpe til å utføre konkrete handlingar.* Resultata i effektanalysen viser at mange av informantane braut med det kriminelle miljøet dei var ein del av og kutta kontakt med gamle vener i løpet av soningsperioden. Ut frå datamaterialet tolkar eg informantane slik at dette er ei av dei viktigaste handlingane for å klare å leve eit lovlydig liv. Hensikta med den føreliggande prosessanalysen er som Dalton, Elias og Wandersman (2007) presiserar, å få kunnskap som kan vise korleis ein oppnår dei eventuelle resultata.

Prosessen rundt det å bryte med det gamle miljøet viste seg å vere vanskeleg å beskrive for ungdommene. Sjølv om denne undersøkinga ikkje kan seie så mykje om heile denne prosessen med å bryte med sitt gamle miljø, vil eg likevel her peike på eit aspekt som informantane understreka. For prosessen med å bryte med miljøet kan knytast opp mot at dei tilsette er med å skape ei bevisstgjering hos ungdommen som kan sjå ut til å skje nesten utan at vedkommande merkar det. Dette er kanskje også grunnen til at informantane syns det var vanskeleg å beskrive kva som skjer. Men for at ei slik bevisstgjering kan skje, har deira relasjon til den tilsette ei viktig rolle. Ismael forklarte det som at dei tilsette ”sakte men sikkert dro meg ned” slik at han etter kvart sluttar å henge med venene i det kriminelle miljøet. Slik eg tolkar det han seier, skjedde altså denne prosessen uten at Ismael var det bevisst:

Ismael: Og så begynte de å bli kjent med meg og så så de hvordan kar jeg var, og så sakte, men sikkert så dro de meg ned. Uten at jeg visste det da. Så sluttar jeg å henge med...det var ikke sånn ”nei, jeg vil ikke henge med deg”, det går ikke når du er opp i en miljø. Du må bare begynne å overse folka. Du kan ikke ta opp telefonen og si” nei, jeg kan ikke i dag, jeg er med dama, eller med mamma eller med familie” ikke sant. Så det tok meg ett år før jeg ble ferdig.

Abdil fortalte også at han kom seg ut av det därlege miljøet takka vere dei tilsette i Ungdom mot Vold. Som han seier sjølv er det vanskeleg å beskrive korleis denne prosessen foregikk, men slik eg tolkar utsagnet til Abdil handlar det om at dei tilsette bidrog til ei bevisstgjering på kva som er viktig for Abdil og at han ikkje må la seg påverke negativt til å handle på tvers av det som er bra for han:

Abdil: Jeg slutta med det [narkotika] *helt i* år. Men det var sånn helt fra niende klasse og helt til i år egentlig. Eller det var egentlig i fjar også da trappa jeg ned. Men i 2009 og årene før, 2008 og 2007 da var det ofte, opp til flere ganger om dagen.

Intervjuar: Å ja.

Abdil: Men jeg har kommet meg ut av det dårlige miljøet, takka være disse her gutta her, Ungdom mot Vold. Hjulpet mye.

Intervjuar: Hm.

Abdil: Ja, ja. Det er sant. (...)

Intervjuar: Kan du fortelle litt meir om det? [...] Korleis har dei hjulpe deg å komme ut av det miljøet?

Abdil: At de har bare vært (...) jeg vet ikke hvordan jeg skal forklare det, de har vært kompiser. Gode kompiser da, gitt gode råd. At (...) Jeg har alltid vært sånn at jeg har prøvd å lære fra folk som er eldre enn meg selv. Og så har vi Micki og Masood og Kemal, alle tre har levd en god del lenger enn meg da. Og liksom (...) Når jeg først kom hit så tenkte jeg at det er en grunn til at jeg er her. Når jeg først er her så burde jeg ta til meg så mye som mulig. Og (...) Mye av det de har sagt sitter igjen i hodet liksom om at (...) dritt i hva alle andre gjør. Tenk på deg selv og hva som er best for deg og de rundt deg. De du bryr deg om liksom. Så.. jeg vet ikke. Sånn sett så har jeg.. Det er mange som har sagt til meg før (...) Jeg var så ignorant før at jeg bare dreit i alt hva andre sa. At jeg visste best selv. Helt til jeg kom hit.

